

Bruk og forvaltning av
Stabbursdalen Nasjonalpark
-Resultat frå ei før-undersøking

utredning

Odd Inge Vistad
Marit Vorkinn



NINA

NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING

Bruk og forvaltning av Stabbursdalen Nasjonalpark -Resultat frå ei før-undersøking

Odd Inge Vistad
Marit Vorkinn



NINAs publikasjoner

NINA utgir seks ulike faste publikasjoner:

NINA Forskningsrapport

Her publiseres resultater av NINAs eget forskningsarbeid, i den hensikt å spre forskningsresultater fra institusjonen til et større publikum. Forskningsrapporter utgis som et alternativ til internasjonal publisering, der tidsaspekt, materialets art, målgruppe m.m. gjør dette nødvendig.

NINA Utredning

Serien omfatter problemoversikter, kartlegging av kunnskapsnivået innen et emne, litteraturstudier, sammenstilling av andres materiale og annet som ikke primært er et resultat av NINAs egen forskningsaktivitet.

NINA Oppdragsmelding

Dette er det minimum av rapportering som NINA gir til oppdragsgiver etter fullført forsknings- eller utredningsprosjekt. Opplaget er begrenset.

NINA Notat

Serien inneholder symposie-referater, korte faglige redegjørelser, statusrapporter, prosjektskisser o.l. i hovedsak rettet mot NINAs egne ansatte eller kolleger og institusjoner som arbeider med tilsvarende emner. Opplaget er begrenset.

NINA Temahefter

Disse behandler spesielle tema og utarbeides etter behov for å informere om viktige problemstillinger i samfunnet. Målgruppen er "allmennheten" eller særskilte grupper, f.eks. landbruket, fylkesmennenes miljøvernavdelinger, turist- og friluftlivskretser o.l. De gis derfor en mer populærfaglig form og med mer bruk av illustrasjoner enn ovennevnte publikasjoner.

NINA Fakta-ark

Hensikten med disse er å gjøre de viktigste resultatene av NINAs faglige virksomhet, og som er publisert andre steder, tilgjengelig for et større publikum (presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivåer, politikere og interesserte enkeltpersoner).

I tillegg publiserer NINA-ansatte sine forskningsresultater i internasjonale vitenskapelige journaler, gjennom populærfaglige tidsskrifter og aviser.

Vistad O.I. & Vorkinn, M. Bruk og forvaltning av Stabbursdalen Nasjonalpark - Resultat frå ei før-undersøking. -NINA Utredning 036: 1-54

Lillehammer, juli 1992

ISSN 0802-3107

ISBN 82-426-0279-4

Forvaltningsområde:

Norsk: Friluftsliv

Engelsk: Outdoor Recreation

Rettighetshaver ©:

NINA Norsk institutt for naturforskning

Publikasjonen kan siteres fritt med kildeangivelse

Redaksjon:

Bjørn Petter Kaltenborn

NINA, Lillehammer

Design og layout:

Guri Jermstad

Tegnekontoret NINA

Sats: Guri Jermstad

Trykk: BJÆRUM Trykkeri as

Opplag: 300

Trykt på 100% resirkulert papir!

Kontaktadresse:

NINA

Tungasletta 2

7005 Trondheim

Tel: (07) 58 05 00

Referat

Vistad, O. I. & Vorkinn, M. 1992. Bruk og forvaltning av Stabbursdalen Nasjonalpark - Resultat frå ei før-undersøking. - NINA Utredning 36: 1-54.

Formålet med prosjektet er å sjå på effekten for fritidsbruken sommarstid, av å gjennomføre ulike forvaltingstiltak i Stabbursdalen nasjonalpark. Vi vil sjå på effektar på brukarsamsetjing, oppleving av miljøtilstand, forvaltningsmessig preferanse, geografisk bruksmønster, aktivitetsfordeling, og på slitasjeutviklinga på utvalde lokalitetar. Denne rapporten tek berre for seg tilstanden **før** tiltaka i forvalningsplanen vart sette i verk.

Undersøkinga omfattar brukarane av Stabbursdalen (dei som brukte stiane og dei som kjøpte fiskekort), og fritidsbilistane på E 6 forbi Stabbursdalen.

I Stabbursdalen var det stor dominans av nord-norske brukarar, og over halvparten hadde vore der før. Dei fleste fiska etter laks eller var på korte dagsturar. Det var få som hadde problem med tilkomsten til området eller med stivalet i Stabbursdalen. Brukarane var meir tolerante i høve til markslitasje enn til soppel. Det å lage bål var svært viktig for trivselen. Haldningane til forvaltingstiltak var samstemte og positive når det galdt tiltak som alt finst, men med langt større sprik i haldningane til nye tiltak. Det var svært stor skepsis til å stimulere turisme i tilknyting til nasjonalparken. Inndeling av brukarane i såkalla preferansegrupper gav klare skilnader mellom gruppene i synet på miljøtilstand og forvaltning, men i liten grad i måten dei brukte området på.

Blant fritidsbilistane var det stor overvekt av utlendingar, med finnar som største gruppa. Halvparten av fritidsbilistane hadde hørt om Stabbursdalen nasjonalpark, og 14 prosent sa dei skulle besøke dalen i løpet av turen. Besøka deira i Stabbursdalen var hovudsakleg korte dagsbesøk.

Emneord: Nasjonalpark, friluftsliv, preferansar, forvaltingstiltak, effektar.

Odd Inge Vistad, NINA, Fåberggt. 106, 2600 Lillehammer.
Marit Vorkinn, same adresse.

Abstract

Vistad, O.I. & Vorkinn, M. 1992. Use and management of Stabbursdalen National Park - Results of a presurvey. NINA Utredning 036: 1-54.

The purpose of the project is to examine the effects of different management actions in Stabbursdalen National Park on recreational use during the summer season. We will examine effects on user composition, perception of environmental conditions, geographical use patterns, distribution of activities, and development of impacts at selected sites. This report deals only with the conditions **prior** to the implementation of the management plan of the park.

The study encompasses the users of Stabbursdalen (those using the trails and those buying fishing licences), as well as leisure drivers along the E6 passing Stabbursdalen.

Residents from northern Norway dominated among the users of Stabbursdalen, and more than half had visited the area previously. The majority were fishing for salmon or went on short day trips. Only a minority had any problems with access to the area or the choice of trails in Stabbursdalen. The users were more tolerant of the exposure to soil and vegetation impacts than to littering. Making a fire was very salient for the feeling of well being during the stay. Attitudes were quite consistent and positive towards existing management actions, but there was a much larger spread in attitudes toward proposed actions. There was considerable scepticism towards stimulating more tourism in association with the park. The segmentation of users into preference groups yielded distinct differences among the groups in views towards environmental conditions and management, but few differences in use of the area.

Foreign residents dominated among the leisure drivers, with Finns constituting the largest group. One half of the leisure drivers had previously heard about Stabbursdalen National Park, and 14 per cent reported that they would visit the park during the trip. Most of their visits to Stabbursdalen were short day trips.

Key words: national park, outdoor recreation, preferences, management actions, effects.

Odd Inge Vistad, NINA-Lillehammer, Fåberggt. 106, N-2600 Lillehammer.
Marit Vorkinn, as above.

Forord

Denne undersøkinga er ei av fleire undersøkingar i prosjektet "Naturturisme og naturforvaltning" som starta i 1989 og går over 5 år. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Direktoratet for naturforvaltning og Reiselivsseksjonen i Næringsdepartementet, og har som føremål å sjå nærmare på fellesinteresser og interessekonflikter mellom reiselivs- og miljøverninteressene. Ansvaret for gjennomføringa av prosjektet er lagt til Norsk institutt for naturforskning, friluftslivsgruppa på Lillehammer.

Denne rapporten presenterer resultata frå dei undersøkingane som vart gjennomførte sommaren 1990 for å kartlegge bruken av Stabbursdalen nasjonalpark og områda rundt, før gjennomføringa av ulike forvaltingstiltak i samband med forvaltningsplanen for nasjonalparken.

Undersøkingane i og ved Stabbursdalen hadde vi ikkje greidd alleine. Fleire feltarbeidarar har vore engasjerte i samband med bilistintervju og ettersyn av sjølvregistreringsskasser. Desse skal ha takk for vel utført arbeid. Vidare vil vi rette ein takk til enkelt-personar, offentlege etatar og organisasjonar som har hjelpt oss med innsamling av bakgrunnsinformasjon og gjennomføring av undersøkinga. Det gjeld Vegstasjonen i Lakselv, Fjelljenesten i Lakselv, Stabbursdalen grunneierforening, Finnmark jordsaks-kontor, Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen i Finnmark, og Statens skoger i Alta. Til slutt ein takk til Bjørn P. Kaltenborn ved NINA som har gjeve konstruktive kommentarar til tidlegare rapportutkast.

Lillehammer, juli 1992

Odd Inge Vistad

Marit Vorkinn

Innhold

| | |
|--|----|
| Referat | 3 |
| Abstract | 3 |
| Forord | 4 |
| 1 Innleiing | 5 |
| 1.1 Mål og problemstillingar | 5 |
| 1.2 Bakgrunnen for delprosjekt Stabbursdalen | 6 |
| 2 Om området og forvaltningsplanen | 6 |
| 2.1 Stabbursdalen Nasjonalpark | 6 |
| 2.2 Stabbursdalen Landskapsvernområde | 8 |
| 2.3 Kort om bruken av området, tidlegare og i dag | 8 |
| 2.4 Forvaltningsplanen og dei tiltaka vi skal evaluere | 9 |
| 3 Metode | 10 |
| 3.1 Arbeidsopplegg og design | 10 |
| 3.1.1 Effektstudien - eit eksperiment? | 10 |
| 3.1.2 Evaluering av tiltaka i forvaltningsplanen | 11 |
| 3.2 Populasjonar og utval | 12 |
| 3.3 Spørjeskjema og intervjuprosedyre | 13 |
| 3.3.1 Brukarane av Stabbursdalen | 13 |
| 3.3.2 Intervju med fritidsbilistane | 13 |
| 3.4 Dataanalyse | 14 |
| 3.5 Kvantifisering av bruken? | 14 |
| 3.6 Representativitet, reliabilitet og validitet | 15 |
| 3.6.1 Bruken av Stabbursdalen | 15 |
| 3.6.2 Fritidsbilistane langs E 6 | 15 |
| 3.7 Registrering av slitasje | 17 |
| 4 Ferdsla til og forbi Lombola | 18 |
| 5 Brukarane av nasjonalparken | 18 |
| 5.1 Personlege karakteristika | 18 |
| 5.1.1 Alder, kjønn og sivilstand | 18 |
| 5.1.2 Heimstad og heimstadmiljø | 18 |
| 5.2 Segmentering etter ulike oppleavings-preferansar | 19 |
| 5.3 Tidlegare kjennskap til Stabbursdalen | 20 |
| 5.4 Tidlegare tur- og friluftslivserfaring | 21 |
| 5.5 Medlemskap i natur- og friluftslivsforeiningar | 21 |
| 6 Bruken av parken | 22 |
| 6.1 Aktivitetar | 22 |
| 6.2 Kor mange og kor lange var turane? | 23 |
| 6.3 Overnatting | 24 |
| 6.4 Reisefølgje | 24 |
| 6.5 Stiane - til hjelp eller frustrasjon? | 24 |
| 6.6 Bålbrenning | 25 |
| 7 Persepsjon av miljøtilstand | 26 |
| 7.1 Søppel | 26 |

| | |
|---|-----------|
| 7.2 Slitasje | 26 |
| 7.3 Standarden på stiane | 28 |
| 7.4 Sosialt..... | 28 |
| 8 Haldningar til forvaltninga | 28 |
| 8.1 Auka offentleg engasjement? | 28 |
| 8.2 Informasjonen i området..... | 29 |
| 8.3 Ulike fysiske tiltak | 29 |
| 8.4 Stiar og stimerking | 30 |
| 8.5 Haldningar til potensielle forvaltningstiltak | 31 |
| 8.6 Haldningar til tiltak i fiskeforvaltninga | 32 |
| 8.7 Tilkomst og parkering | 34 |
| 8.8 Haldningar til turismeutvikling i Stabbursdalen | 34 |
| 9 Stabbursdalen og Finnmark som reisemål | 35 |
| 9.1 Stabbursdalen - eit innslag i ein ferietur?..... | 35 |
| 9.2 Finnmark som reisemål - kva var viktig?..... | 35 |
| 9.2.1 Brukarane av Stabbursdalen | 35 |
| 9.2.2 Fritidsbilistane langs E 6 | 35 |
| 10 Fritidsbilistane | 37 |
| 10.1 Potensiell bruk blant fritidsbilistane på E 6..... | 37 |
| 10.2 Kjenneteikn ved fritidsbilistane | 37 |
| 10.2.1 Heimstad og type tur | 37 |
| 10.3 Kjennskap til og besøk i Stabbursdalen | 38 |
| 10.4 Skil dei som ikkje kjenner til Stabbursdalen seg frå dei som kjenner til området? | 39 |
| 10.4.1 Opphaldstid i Porsanger | 39 |
| 10.4.2 Attraksjonar i Finnmark / Nord-Noreg | 39 |
| 10.4.3 Friluftslivsinteresse - generelt og for turen i Nord-Noreg / Finnmark | 40 |
| 10.4.4 Besøk på Stabbursnes Naturhus | 42 |
| 11 Kva så? - Om brukarane og forvaltninga | 43 |
| 11.1 Korleis opplever brukarane Stabbursdalen og forvaltninga | 43 |
| 11.2 Haldning til nye forvaltningstiltak og til den framtidige bruken | 45 |
| 11.3 Dei tre "preferansegruppene" - reelle eller fiktive? | 45 |
| 12 Kva med brukspotensialet? - Om fritidsbilistane og Stabbursdalen | 46 |
| 13 Litteratur | 49 |
| Vedlegg 1 Tabell med oversikt over tiltaka i forvaltnings planen for Stabbursdalen, med tidsplan og kostnader | 50 |
| Vedlegg 2 Metoden for å dele inn brukarane i "preferansegrupper" | 51 |
| Vedlegg 3 Vurdering av metoden med sjølvregistrerings- kasser og det å supplere utvalet med fiskarar | 53 |

1 Innleiing

1.1 Mål og problemstillingar

Dette prosjektet i Stabbursdalen er delt i to. Det har ei overordna ramma som seier at vi skal evaluere ulike tiltak i forvaltningsplanen for parken. Innafor denne ramma ligg gjennomføringa av ei før-undersøking og ei etter-undersøking, sett i høve til tidsplanen for iverksetjinga av dei forvaltningstiltaka som skal evaluerast.

Mål for Stabbursdalsprosjektet:

1. Finne om og eventuelt kva slag effekt, gjennomføringa av ulike tiltak i forvaltningsplanen har for bruken og brukarane av nasjonalparken.
2. Finne i kor stor grad reguleringsstiltaka har den ønskete effekten om å redusere markslitasjen.
3. Å vurdere kor viktig Stabbursdalen er som destinasjon eller attraksjon, i ein reiselivsmessig samanheng.

Problemstillingar for før-undersøkinga:

Korleis vert nasjonalparken brukt og av kven?

Korleis opplever brukarane miljøtilstanden i parken?

Kva for forvaltningsmessige preferansar har brukarane?

Kva som er viktig med opphaldet i Finnmark, for dei nasjonalparkbrukarane som er tilreisande til regionen?

Korleis er slitasjetilstanden på utvalde lokalitetar?

Og dessutan:

Kor stor del av turistane som passerer på E 6 kjenner til nasjonalparken og gjer opphold i / ved parken?

Kva er viktig med opphaldet i Finnmark for fritidsbilistane generelt?

Avvik dei forbipasserande i høve til parkbrukarane?

Denne rapporten legg først og fremst opp til å presentere resultat, og har mindre av grundige drøftinger med basis i litteraturen. Den delen får vente til etterundersøkinga.

Prosjektet er ikkje strengt avgrensa til det som i dag er Stabbursdalen Nasjonalpark. Det omfattar også område utanfor parken, og først og fremst Lombola-området, som er mellombels verna som landskapsvernområde. Lombola ligg også innanfor planområdet i forvaltningsplanen.

1.2 Bakgrunnen for delprosjekt Stabbursdalen

Eitt av hovudmåla for prosjektet "Naturturisme og naturforvalting" er å sjå på effektane av offentlege tiltak for friluftslivs- og reiselivsinteressene. Stabbursdalen vart valt for å sjå på effekta av fysisk tilrettelegging for å betre forholda for fritidsbrukarane av natur, samt å vurdere korleis desse tiltaka (og andre tiltak) kan redusere dei uønskte effektane av slik fritidsbruk. Konkret skal prosjektet prøve å evaluere gjennomføringa av nokre konkrete tiltak som er vedtekne i Forvaltningsplanen for Stabbursdalen Nasjonalpark (Fylkesmannen i Finnmark 1990).

Utgangspunktet er altså ikkje å evaluere sjølv forvaltningsplanlegginga, men vi kan likevel ikkje sjå tiltaka heilt uavhengig av planprosessen. Måten tiltaka i forvaltningsplanen blir realisert på, vil ha innverknad på korleis tiltaket vil bli oppfatta av brukarane eller fungere i forhold til brukarane - dette er ein del av den effekten tiltaket vil ha. Alle konkrete drøftingar om effektar og evaluering kjem i samband med etter-undersøkinga.

2 Om området og forvaltningsplanen

2.1 Stabbursdalen nasjonalpark

I forvaltningsplanen (Fylkesmannen i Finnmark 1990:3) heiter det:

"Stabbursdalen nasjonalpark ligg i Porsanger kommune i Finnmark, og ble opprettet ved kgl. res. av 6. februar 1970. Det frede området er på ca. 98 kvadratkilometer. Formålet med opprettelsen av nasjonalparken var å bevare en del av verdens nordligste furuskog og Finnmarkslandskapet nærmere kysten. Nasjonalparken har en meget interessant kvartærgеologi som viser innlandsisens bevegelser og arbeid under siste istid. Furuskogen finnes kun øst i nasjonalparken og dekker bare ca. 4 % av verneområdet. Stabburselva dominerer dalføret som vestover fra furuskogen, snevrer seg inn til et gjel. Videre vest vider dalen seg ut i slakke lier, runde koller og åser med glissen bjørkeskog og myrer. I sør domineres nasjonalparken av snaue høyfjellområder.

Stabburselva renner gjennom hele nasjonalparken. Njakkajåkka er den største sideelva til Stabburselva i nasjonalparken. Ca. 0,5 km ovenfor utløpet av Njakkajåkka i Stabburselva, ligger den imponerende Njakkafossen som har et fall på ca. 20 meter. Njakkafossen hindrer laksen å vandre videre opp i Stabburselva.

Stabbursdalen nasjonalpark forvaltes av Fylkesmannen i Finnmark. Statens Skoger, Vest-Finnmark forvaltning, står for den daglige


Tabell 2.1


Brukundersøkingar i Stabbursdalen, 1979 og 1980.
-Visitor surveys in Stabbursdalen, 1979 and 1980.

| | 1980 | 1979 |
|----------------------------|------|------|
| Heimstad: | | |
| Porsanger | 21% | 60% |
| Resten av Finnmark | 13% | 3% |
| Resten av Noreg | 34% | 34% |
| Utlandet | 32% | 3% |
| Formål: | | |
| Naturoppleveling/tur | 39% | 17% |
| Fiske | 58% | 72% |
| Bærplukking | - | 11% |
| Andre grunnar / ikkje svar | 11% | 0% |

Figur 2.1

Stabburisdalen Nasjonalpark, i regional samanheng. - Stabburisdalen National Park, regional location.



**Figur 2.2**

Stabbursdalen Nasjonalpark og Stabbursdalen -landskapsvernområdet. - Stabbursdalen National Park and Stabbursdalen Landscape Protection Zone.

driften av nasjonalpraken. Oppsynet utføres av Fjelltjenesten i Finnmark, avdeling Lakselv. Fjelltjenesten har i tillegg engasjert en særskilt oppsynsmann for nasjonalparken, med ca. 20 arbeidsdager i året. Fiskeoppsynet i Stabburselva utføres av Stabbursdalen Grunneierforening som forpakter statens fiskerett i elva."

2.2 Stabbursdalen landskapsvernområde

Vidare frå forvaltningsplanen:

"Stabbursdalen landskapsvernområde ble midlertidig fredet 19. juli 1986, ved Miljøverndepartementets vedtak. Landskapsvernområdet er på ca. 17 kvadratkilometer og grenser i vest til Stabbursdalen nasjonalpark. Landskapsvernområdet innbefatter bl.a. delen av lombolaområdet som ikke omfattes av Stabbursdalen

nasjonalpark. Formålet med fredningen er å hindre inngrep i et rikt furuskogsområde som henger sammen med nasjonalparken og bevare områdets geologiske verneinteresser, før spørsmålet om varig vern er avklart. Dette innebærer at alle inngrep som vesentlig kan endre landskapets art eller karakter, og felling av furutrær er forbudt. Porsanger kommune har en reguleringsplan for et hyttefelt i landskapsvernområdet under utarbeidelse."

2.3 Kort om bruken av området, tidlegare og idag

Det er kartlagt fleire kulturminne i parken med omland. Dette er hovudsakleg spor etter samisk veidekultur, reinnomadisme og kystsamebusetjing (Fylkesmannen i Finnmark 1990).

Der er ein god del hytter ved Lombola, og også mange båtar i nettopp dette området. Båtbruken "er foreløpig på et relativt lavt nivå, bl.a. på grunn av lokale "uskrevne regler" som oppfordrer til liten båtbruk, spesielt motorbåt. I den delen av Lombolaområdet som ligg innenfor nasjonalparken er ferdsel med motorbåt ikke tillatt (vernebestemmelse pkt. 2.4a)" (Fylkesmannen i Finnmark 1990:5) I nasjonalparken blir det drive noko med guida fot- og fisketurar, og guida turar med hest eller med hundeslede.

I 1979 og i 1980 undersøkte Frilufts- og naturvernkonsernten i Finnmark (1980, 1980a) bruken av Stabbursdalen. I 1979 vart dette gjort ved ein kombinasjon av bilteljarar og personlege intervju (N=78) og i 1980 ved personlege intervju (N=124). Dette er små utval og resultata syner stor variasjon mellom dei to åra når det gjeld kva for brukargrupper ein klarte å fange opp. T.d var ein utanfor bærsesongen i 1980 og hadde også problem med "å få bygdefolk i tale" dette året. **Tabel 2.1** summerer opp dei viktigaste resultata frå desse to åra.

2.4 Forvaltningsplanen og dei tiltaka vi skal evaluere

Forvaltningsplanen for Stabbursdalen nasjonalpark vart godkjent av Fylkesmannen i Finnmark 26. juni 1990. Det skjedde etter ein høringsrunde til 24 påverka instansar, samt at planen var lagt ut til offentleg ettersyn på Porsanger Folkebibliotek i Lakselv. Det kom

inn 20 uttaler til planen, noko som resulterte i "visse endringer i forhold til høringsutkastet" (Fylkesmannen i Finnmark 1990:Forord).

I formålsparagrafen for nasjonalparken heiter det at:

"Landskapet og naturmiljøet skal bevares i naturlig tilstand og dyre- og plantelivet skal få utvikle seg mest mulig fritt. Nasjonalparken skal også gi muligheter for friluftsliv og rekreasjon i uberørt natur." På denne bakgrunnen seier Fylkesmannen i Finnmark (1990:7) at **målet for forvaltningsplanen** for parken er å:

- unngå for stor slitasje og forstyrrelser på naturmiljøet,
- kanalisere ferdsel utenom sårbare områder,
- redusere forgreininger av eksisterende stier, og at
- publikum skal kunne oppleve opprinnelig natur i Stabbursdalen nasjonalpark under sikre forhold".

Hovudutfordringane (i følgje forvaltningsplanen) er knytt til:

- slitasje og forsøpling ved Fossekulpen
- køyrespor (4-hjuls motorsykkel) fra Madarjav'ri-vegen til Fossekulpen- reindrifta sin bruk av sperregjerde og motorisert transport på barmark
- ulovleg motorisert køyring inn mot Såffavarri.

Forvaltningsplanen inneholder ei rekke tiltak og ein tids- og kostnadsplan (**vedlegg 1**). Vår oppgåve er altså å evaluere gjennomføringa i høve til konsekvensar for fritidsbrukarane og for naturen.

Dei tiltaka vi ser nærmare på er desse:

- Plassering av skilt med teksten "STABBURSDALEN - RAVTTUS-



Figur 2.3
Parkeringsplassen ved Lombola. - The parking place close to Lombola.

VOPMI", ved E 6 ved innkøysla til Lombola.

- Opparbeiding av parkeringsplass ved enden av Lombolavegen.
- Stenging av køyresporet mot Såffavari.
- Merking av sti frå enden av Lombolavegen til Fossekulpen.
- Opparbeiding av to faste bålplassar på både sider av Fossekulpen.
- Avgrense talet fiskarar i Fossekulpområdet pr. døgn.
- Å indirekte vurdere effekten av dei nye kanaliseringsforsлага (det å få folk vekk frå sjølve Stabbursdalen - innafor Fossekulpen - og over til den nymerkte stien på nordsida mellom Snekkernes og Sennalandet/Okselva, eller den nye stien på sør-sida av dalføret, over Stuorra Binalvarri. I samband med desse stiane skal det også byggjast ei bru over Stabburselva (innafor Njakkafossen) og plasserast ei eller fleire koier / buer).
- Å indirekte vurdere effekten av dei ulike informasjonstiltaka som skal setjast i verk (info-tavler ved innfallsårene, informasjon på fiskekarta, ny nasjonalpark-brosyre og informasjon frå det nye Stabbursnes Naturhus og Museum).

Tidsplanen for gjennomføring / oppstartig av tiltaka er 1990 til 1992 (sjå **vedlegg 1**).

Denne før-undersøkinga vart gjennomført før iverksetjinga av forvaltningsplanen starta, men med eitt viktig unntak:

Reguleringsa av fisket i Fossekulpen byrja alt sommaren 1990. Blant fiskarane i Fossekulpen manglar vi altså ei reell **før**-undersøking.



3 Metode

3.1 Arbeidsopplegg og design

3.1.1 Effektstudien - eit eksperiment?

'Eksperimentet' er den vitskapleg strengaste og den mest pålitelige form for forsking, når det gjeld spørsmålet om kausalitet mellom stimuli og effekt. Difor tronar "eksperimentet" øvst på ei rangliste over hypotetisk-deduktive forskingsmetodar. Det finst ulike typar av eksperimentelle design (sjå Graziano & Raulin 1989 og Campbell & Stanley 1966), men den typen design som først og fremst er knytt til "sanne eksperiment" er "pretest-posttest-kontrollgruppe"-design. Almås (1990:34) omtalar denne typen eksperiment slik: *"Eit sant eksperiment deler forsøkspopulasjonen i to delar ved tilfeldig utval. Den eine delen, forsøksgruppa, får ein stimulus som ein antar vil ha verknad på den variabelen ein ønsker å påverke. Den andre delen av populasjonen, kontrollgruppa, får ikkje denne stimulusen. Den avhengige variabelen (effektvariabelen) blir målt for både grupper både før og etter at stimulus er gitt (pretest og posttest). Forskjellige utslag på effektvariabelen, målt f.eks. ved gjennomsnittsverdiar og variasjon, blir tolka som resultat av stimuli".*

I feltundersøkingar vil det sjeldan vere høve til å oppfylle alle krav til eit eksperimentelt design. Forskaren kan velje forsøksrområde og kva for variablar som skal nyttast i undersøkinga, men vil ofta ikke ha høve til å få eit tilfeldig utval og/eller kontroll for ytre påverknad (Kraus & Allen 1987). I slike tilfelle der ein ikkje kan oppfylle krava til eit sant eksperiment, men likevel ønsker å finne kausale samanhengar, kan **kvasi-eksperimentet** nyttast. Kvasi-eksperimentet svarar til eksperimentet ved at det har ein kausalthypotese og ei form for stimuli for å samanlikne to eller fleire tilstandar. Det kontrollerer også for visse ytre påverknader (forstyrrende årsaksvariablar), men har ikkje same grad av kontroll som det sanne eksperimentet. Resultata frå kvasi-eksperiment vil ikkje vere like sikre som resultat frå sanne eksperiment, men vil likevel gje meir nyttig informasjon enn ved å ikkje eksperimentere i det heile tatt (Graziano & Raulin 1989).

Almås (1990) snakkar om "gode evaluatingsopplegg" (s. 48). Med det meiner han ikkje at berre det "eksperiment-nære" kan vere bra. Han argumenterer sterkt for at forskingsdesignet må skreddarsyast til det enkelte prosjekt og den enkelte situasjonen, og slik at ein alltid nyttar dei beste metodane, uavhengig av om dei "oppfølge" høyrer heime i ein hypotetisk-deduktiv tradisjon, eller ein holistisk-induktiv tradisjon. Vi må ta med oss det beste frå både leirane, og sjå dette som metodiske eller vitskaplege tilnærmingar som utfyller kvarandre, dersom dei blir brukte godt.


Ein modell innanfor den holistisk-induktive metoden er den såkalla **prosessmodellen**. Dette er ein meir eksplorande modell, der ei open, utprøvande arbeidsform må til fordi ein ikkje kjenner samanhengar eller manglar sikre teoriar som grunnlag. Viktige stikkord er: å **forstå** aktørane (på deira eigne premiss) og **forklare** det ein observerer med **kritisk** distanse. "Den gode case-skildringa er prosessanalysens varemerke" (Almås 1990:41). Både som ei fagleg styrking og for å møte kritikken om "uetterrettelege, subjektive konklusjonar", bør ein nytte **triangulering**; dvs. å nytte ulike typar data, forskrarar, teoriar og/eller metodar på eitt og same problemkompleks. Almås poengtør at ein sjølvsgart må taka med seg heile den (natur-) vitskaplege reidskapstradisjonen fordi om ein arbeider induktivt.

3.1.2 Evaluering av tiltaka i forvaltningsplanen

Det å gjennomføre dei ulike tiltaka i forvaltningsplanen liknar mykje på eit eksperiment: Området og brukarane blir utsett for ein stort ytre påverknad, for å oppnå ein eller annan effekt. Vi kan også lage oss hypotesar om desse effektane, utifra eventuelle formål i forvaltningsplanen eller tidlegare erfaring med liknande "eksperiment" eller tiltak. Vi vil også gjennomføre ei før- og ei etter-undersøking i det same området, og med dei same metodane.

Men på andre punkt må vi avike frå kravet til eit eksperiment:

1. Vi **manglar ei kontrollgruppe** for samanlikning. Vi må difor ty til andre former for data som kan kaste ljós over dei resultata vi kjem fram med i Stabbursdalen (kommersiell reiselivsstatistikk



Figur 3.1

Plassering av dei fire sjølv-registreringkassene. - Location the four boxes for self registration

frå regionen / fylket, fiskekort-statistikk, trafikkmålingar m.m. For desse tre typane konkrete data vil vi ha tidsseriar som kan setje eksperiment-området og eksperiment-perioden inn i ein samanheng.

2. Forsøksgruppa vil ikkje vere den same før og etter "eksperimentet" (= iverksetjing av tiltaka).

3. Undersøkingane vil ikkje bli gjort med tilfeldige utval. Dette kan i praksis ikkje gjennomførast, både pga. storleiken på området og måten det blir brukt på. Dessutan har vi ikkje ressursar til å gjennomføre noko "tilnærma" tilfeldig utvals-prosedyre. Vi har måttå gjort stratifiserte klyngjeutval, etter skjønn. Dei ulike strata er: brukarane av ulike stiar inn i området, dei som har kjøpt fiskekort og fritidsbilistane på E 6. Klyngjene er sesongen / tida for innsamling, vekedag (kvardag / helgedag for fritidsbilistane) og intervjustaden. Meir om dette i neste avsnitt.

4. Vi har ikkje full kontroll over eksperimentsituasjonen. Det kan skje saker og ting i regionen og samfunnet generelt som kan påverke bruken av området (t.d. nye attraksjonar, infrastruktur, økonomisk utvikling). Men det at ein manglar kontroll gjeld i like stor grad sjølv gjennomføringa av tiltaka i forvaltningsplanen: **Når** dei blir sett i verk, **korleis** dei blir sett i verk og også **om** dei blir sett i verk. Forvaltningsplanlegginga var fullført då vi kom inn i biletet med denne før-undersøkinga, og alt no ser vi at gjennomføringa avvik frå den vedtekne planen. Når vi kjem til etter-undersøkinga vil vi sjølvsgått nytte oss av andre tilgjengelege datakjelder som kan tenkast fornuftige for å kaste ljós over tilstanden i Stabbursdalen, og som kontroll for eigne funn. Eventuelle nasjonale endringar i ferie-/fritidsmønster vil vi prøve å fange opp gjennom eigne nasjonale undersøkingar ved starten og slutten av undersøkingsperioden.

I denne før-undersøkinga vil vi leggje opp til ei ganske **open og eksplorerande tilnærming**, for å få eit så godt og breitt bilet som råd av "den sosiale tilstanden" (i vid forstand) i Stabbursdalen før forvaltningsplanen vart sett ut i livet.

Sjølv før-undersøkinga, isolert sett, er eit **case-studium**.

3.2 Populasjonar og utval

Populasjonane i før-undersøkinga er:

- 1) dei som brukar Stabbursdalen sommaren 1990.
- 2) fritidsbilistane langs E 6 (forbi Stabbursdalen) sommaren 1990.

For å få tak i eit utval blant **dei som besøkte Stabbursdalen**,

vart det nytta to metodar:

- For det første nytta vi fire **sjølvregistreringskasser** ved det vi rekna som dei viktigaste innfallsportane til området. Ei kasse stod ved Lombola om lag 100 m frå parkeringsplassen, ei ved hengebrua (sørsida) ved Snekkernes, ei ved Madarjav'ri der køyresoporet tok slutt, og ei kasse heilt i vest, der stien i retning Stabbursdalen startar på Sennalandet (sjå **figur 3.1**). Ved desse kassene vart alle som passerte oppfordra til å fylle ut eit registreringskort (**figur 3.2**). Kassene vart sett opp 21. juni 1990, med unntak for den på Sennalandet som vart sett opp 27. juni. Dei vart tekne ned 27. september. Det vart fylt ut i alt 726 (saklege) kort, men på nokre kort hadde fleire personar fylt ut ilag. I alt vart det registrert 749 personar i dette kortmaterialet som kom med i data-analysen.

- Vi gjorde dessutan ein avtale med Stabbursdalen Grunneierforening om at ein skulle prøve å notere adressa til dei som kjøpte **fiskekort**.

Alle som vi på desse måtane fekk komplett namn og adresse til, vart med i utvalet og fekk tilsendt eit spørjeskjema seinare på hausten. I alt vart det sendt ut 869 spørjeskjema i november 1990. Av desse vart 698 skjema returnerte (svarprosent 80,3). Nokre vart returnerte uopna eller uutfylte, slik at det endelege datamaterialet vart 652 case.

Når det gjeld **fritidsbilistane** vart undersøkinga gjort ved personlege intervju med eit utval av dei bilistar som passerte intervjustadene. Nordgående trafikantar vart stoppa ved Veines, om lag 10 km sør for Olderfjord. Dei sørgående vart stoppa vel 7 km nord for Lakselv (700 m sør for vektstasjonen).

Intervjuperiodane vart fordelt etter skjønn, ut frå ei målsetjing om å få eit mest mogleg representativt utval. Halvparten av intervjuva vart lagt til den turistmessige lågsesongen (før fellesferien) og halvparten i fellesferien. Ein tredjedel av intervjuva vart lagt til helger (laurdag/søndag) og to tredeler på vanlege vekedagar. Bilistane vart intervjuva i løpet av 14 dagar, fordelt mellom 26. juni og 18. juli. Det vart stort sett intervjuva 6 timer kvar dag, med variasjon mellom kl. 08.30 og 17.30.

Ideelt sett burde intervjuva vore gjort blant eit heilt tilfeldig utval av bilistane, dvs. at alle bilistar som passerte intervjustadene hadde like stor sjanse for å bli intervjuva. Men ressursmessig var det ikkje mogeleg å få til eit slikt lotterisk utval. Ein ny bilist vart stoppa så snart ein av dei to intervjuuarane var ledige. Bortsett frå opplagt yrkestrafikk (lastebilar o.l.) og bussar, vart alle typar av trafikantar stoppa. Lokaltrafikk i samband med handling, besøk o.l. vart registrert, men ikkje intervjuva.

I alt vart 701 fritidsbilistar intervjua. Det var 12 bilistar som nekta å la seg intervju, eller ikkje hadde tid, eller sa dei ikkje forstod språket i skjemaet (norsk, tysk, engelsk eller finsk). Det vart dessutan sendt med skjema til 19 bilistar; 10 av desse vart returnerte.



Figur 3.2

Utfylling av registreringskort ved Madarjav'ri. - Filling in registration card at Madarjav'ri.

3.3 Spørjeskjema og intervjugrosedyre

3.3.1 Brukarane av Stabbursdalen

Registreringskortet hadde som hovudformål å samle inn namn og adresse til dei som besøkte Stabbursdalen. På kortet

var det også med nokre spørsmål om både personen og turen, først og fremst for å få eit samanlikningsgrunnlag (reliabilitets-test) for resultata av dei utsende spørjeskjema. Men registreringskortet fekk slik også ein sjølvstendig verdi i datainnsamlinga.

Det vart nytta eit stort **spørjeskjema** (om lag 200 variablar) som i prinsippet vart sendt til alle som hadde fylt ut registreringskort og dei som hadde løyst fiskekort og "lagt att" fullstendig og forståeleg adresse.

Skjemaet var bygt opp i følgjande hovudbolkar:

- bruken av Stabbursdalen i barmarkstida 1990 - aktivitetar, tur-lengda, turfølgje, overnatting m.m.
- tidlegare erfaring frå Stabbursdalen
- miljøperspektiv (søppel, slitasje, stiar, bål, folk) og reaksjonar på opplevde miljøtilstandar i Stabbursdalen.
- tilkomst og parkering
- preferansar i samband med aktuell og framtidig forvaltning av parken
- forvaltningstiltak i samband med fisket i Stabburselva
- om å bruke Stabbursdalen Nasjonalpark i samband med turisme / marknadsføring
- tidlegare tur- og friluftslivserfaring
- personlege karakteristika (sosio-økonomisk-demografisk)
- generelle haldningar til friluftsliv og villmark.

Spesielt for dei tilreisande var det med nokre spørsmål om:

- kva rolle Stabbursdalen spela i (ferie-) turen.
- ulike sider ved Finnmark, og kva tyding desse hadde for ein vellykka ferietur.

Det var også med eit kart der ein skulle teikne inn turruta si / turrutene sine.

3.3.2 Intervju med fritidsbilistane

Intervjugrosedyre

Det var viktig å få dekt trafikken godt, langs E 6 forbi Stabbursdalen. Vi valde difor å gjere **personlege intervju** med bilistane på staden. (Utlendingar busette utanfor Norden fylte ut spørjeskjema sjølv, på staden). Samanlikna med å sende med bilistane eit spørjeskjema som dei sjølv skal fylle ut, er dette ein meir tidkrevjande metode, og det blir tilsynelatande færre intervju pr. tidseining. Svarinngangen ved utsending av skjema har i nokre tilfelle vist seg å vere svært låg. F.eks. var svarinngangen i ei undersøking blant bilturistane i Finnmark på knappe 30% (Viken & Slettvold 1988). Med så låg svarprosent er faren for eit

skjevt utval stor. Med ei god utvalsprosedyre, vil ein med intervju på staden vere sikra eit meir representativt utval, sjølv om talet intervjuobjekt blir noko færre.

Vegkantintervju er vidare veleigna for personbiltrafikk, men ikkje for busstrafikk. Bussreiseoperatørane har vanlegvis stramme tidsrammer, samt at det er vanskeleg å intervjuer enkeltpersonar i påhøyr av 50 andre. **Vegkantintervjuva omfattar ikkje buss-turistar.** Kor stor del denne gruppa er av dei fritidsreisande totalt i Finnmark er uvisst.

Om innhald og intervjuobjekt

Sjølv med personlege intervju er det grenser for kor lenge ein kan halde på bilistane. Med fleire personar i bilen kan det også vere problematisk å intervju bare ein person i reisefølgjet. Vegkantintervju fungerer tilfredsstillande når det gjeld å samle inn konkrete data om faktisk åferd og sosioøkonomiske variabler, men er mindre egna til å få fram motiv og preferansar. **Hovudvekta i bilistundersøkinga er difor lagt på å registrere bruksmønster og ulike kjenneteikn ved bilistane.**

Spørsmåla om faktisk bruk av området og turen generelt vart stilt til ein av dei som sat i framsetet på bilen. For å få eit representativt utval vart spørsmåla om inntrykk frå området og generelle haldningsspørsmål stilt til ein tilfeldig utvald person over 15 år i bilen (den som hadde fødselsdag nærmest intervjudagen). Enkelte spørsmål laga diskusjonar blant dei som sat i bilen, slik at vi fekk nokre gruppessvar, også på den sistnemnde typen spørsmål. Dette vil truleg i særleg grad gjelde utlendingar busette utanfor Norden, fordi desse fylte ut spørjeskjema på eiga hand.

3.4 Dataanalyse

Materialet vart analysert ved hjelp av SPSS/PC+, versjon 4.0.

Dei statistiske testane omfattar hovudsakleg kji-kvadrat-testar og somme stader einvegs ANOVA, avhengig av målenivået på variablane.

I tillegg vart brukarane av Stabbursdalen delt inn i grupper på bakgrunn av ulike haldningsmål, ved hjelp av **faktoranalyse og klyngjeanalyse**. Bolken i spørjeskjemaet som ovanfor er kalla "Generelle haldningar til friluftsliv og villmark", var bygt opp av 16 spørsmål med følgjande generelle innleiingstekst: "Når du er på lengre turer til fots om sommeren (minimum tre timer), og **uansett hvilket område** du er i, hvor viktig er det følgende for deg?". Desse spørsmåla omhandla forvaltningsmessige tema, sosiale forhold og miljøtilstandar i "det ideelle" turområdet.

Ved å bruke faktoranalyse på desse 16 spørsmåla vart det avdekt 4 underliggende dimensjonar / faktorar (med eigen-verdi over 1). Desse faktorane / dimensjonane kan kallast: **1) Tilrettelagging og tryggleik, 2) Miljøpåverknad, 3) Fridom, og 4) Mitt område.**

Dei tre første av desse faktorane vart så nyttta i ein klyngjeanalyse som gav tre "preferansegrupper". Den fjerde dimensjonen vart kutta ut i klyngjeanalysen fordi han hadde svakare statistisk reliabilitet. Desse tre klyngjene eller preferansegruppene vert kalla **1) Turgruppa, 2) Naturgruppa, og 3) Villmarksgruppa**. Dei tre gruppene er om lag like store (tal case pr. gruppe låg mellom 172 og 186). Sjå meir om metoden bak denne innledinga i **Vedlegg 2**, og om samanhengen mellom gruppene og dei 16 bakomliggjande variablane i **figur 5.1**.

3.5 Kvantifisering av bruken?

Sjølvregistreringsmetoden kan i prinsippet også nyttast til å kvantifisere bruken (Hultmann & Wallsten 1988, Vistad under utarb.). Det føreset at ferdsla i området er oversiktleg og følgjer klart definerte stiar / leier og at ein har registreringskasser ved desse stiane. I tillegg må ein vite kor stort bortfall det er ved kvar enkelt kasse, dvs. kor stor del av dei som passerer kassa som fyller ut registreringskort. Dersom ein skal kunna nytte talet utfylte kort som grunnlag for å rekne ut kor mange som faktisk har passert kassa i løpet av sommaren, er det også viktig at registreringseffekten er høg (Lucas 1975).

Vi har ikke nyttet metoden på denne måten i Stabbursdalen. Ferdselsmønsteret i store delar av Stabbursdalen er så spreidd at metoden er lite egna for å fange opp all ferdsla. Dei få bortfalls-testane som vart gjort var mest som ein test på korleis metoden fungerte i nettopp Stabbursdalen. Desse testane vart lagt til Lombola og resultatet var nokså nedslående, med ein registreringsprosent mellom 30 - 40. Dette ville i alle fall vere i minste laget som grunnlag for å rekne seg frå talet utfylte kort og opp til den totale ferdsla forbi kassa.

Det er i det heile vanskeleg å få gode overslag på kor stor bruken er i parken / området. Vi har valt eit system med to typer automatiske teljarar; ein bilteljar (kabel over vegen) på Lombolavegen og ein personteljar (infraraud ljosstråle) ved stien mellom parkeringsplassen ved Lombola og bruva over Dilljokka. Det ein då får data på er trafikken i ein bestemt del av området, nemleg bilferdsla inn langs den viktigaste tilførselsvegen og ferdsla vidare innover (t.d. i retning Fossekulpen). Desse to teljane vert også nyttet somrane 1991 og 1992, med tilnærma

identisk plassering som i 1990. Dette vert gjort både for å få eit inntrykk av den årlege trafikk-utviklinga, og for å få eit betra grunnlag for å "kalibrere" dei to teljarane i høve til kvarandre. Slike automatiske teljarar har nemleg to klart svake sider: det tekniske kan svikte og gje feiltelling, og dei kan bli utsette for hærverk eller misbruk, med det same feiltellingsresultatet. Jamleg tilsyn er difor svært viktig.

3.6 Representativitet, reliabilitet og validitet

3.6.1 Bruken av Stabbursdalen

Som nemnt ovanfor, har vi ikkje valt metodar for å kvantifisere den totale bruken av Stabbursdalen gjennom sommarsesongen, og då har vi heller ikkje presise tal for kor store dei ulike delgruppene av brukarar er. Og det er også vanskeleg å fastslå kor store delgruppene er i høve til kvarandre.

Dessutan er registreringsmetodane noko selektive når det gjeld type brukarar ein når fram til. Metoden med sjølvregistreringskasser vil berre fange opp dei som følger dei stiane, der det er plassert registreringskasser. Den meir spreidde ferdsla og dei som har andre bruksmønster enn langs stiane, vil difor falle utanfor. Fiskarar er ei gruppe som sjølv sagt er meir knytt til elva enn til stiane; denne gruppa vil difor lett bli underrepresentert dersom ein berre nyttar sjølvregistreringskasser (Vistad under utarb.). Nettopp difor vart utvalet supplert blant dei som hadde kjøpt fiskekort.

Representativits- og reliabilitetsproblema blir diskuterte vidare i **vedlegg 3**.

Eventuelle avvik mellom storleiken på delgruppene i våre resultat, og den faktiske fordelinga mellom gruppene slik dei er ute i Stabbursdalen, er ikkje eit avgjerande problem. Det er fordi vi i liten grad legg opp til å bruke materialet kvantitativt, og når det skjer så er det i ei diskuterande form. Vi har derimot lagt mykje vekt på at alle dei aktuelle brukargruppene i Stabbursdalen om sommaren, som **typar**, skal vere representerte i utvalet. Det er m.a. fordi mykje av presentasjonen legg vekt på å få fram ulike **kjenneteikn** ved dei ulike brukargruppene, om så sjølv inndelinga i grupper er basert på aktivitetar, heimstad, friluftslivserfaring eller miljøpreferansar.

I dei fleste statistiske testane der analysegrunnlaget er '**heimstad**', er brukarane slegne saman i fire grupper: Lokale brukarar (dvs. dei frå Porsanger, Alta og Kvalsund kommunar), Resten av Nord-Noreg, Resten av Noreg og Utlanders. Gruppa 'utlanders' (N=91) hadde det ofte vore interessant å kunna splitte opp på nasjonsnivå,

men dette blir ikkje gjort. Det er berre gruppene med finnar (N=35) og tyskarar (N=27) som kvar for seg har noko omfang, men også desse er så små at vi ikkje skil dei ut som eigne analyse-einingar.

Inndelinga i '**preferansegrupper**' byggjer på **generelle** spørsmål om forvaltningsmessige, sosiale og miljømessige preferansar. Slike spørsmål og tema går også att i fleire andre spørsmål i skjemaet, men der går spørsmåla **konkret på forhold i Stabbursdalen**, korleis folk har opplevd dette området eller ønskjer at det skal vere. Om vi finn samsvar mellom inndelingsgrunnlaget for preferansegruppene og måten dei svarar på desse konkrete persepsjons-, haldnings- og preferansespørsmåla som gjeld Stabbursdalen, så vil i det minste det avsløre at folk svarar konsistent, og at dei ulike spørsmåla innafor same tema aukar reliabiliteten i undersøkinga.

Her har vi gruppert folk i generelle preferansegrupper. Det kan vere god grunn til å diskutere validiteten ved den systematikken. Men ein slik diskusjon er så prinsipiell og omfattande at vi her berre syner til eit pågående arbeid der nettopp dette blir drøfta (Vistad under utarb.). Kapittel 5.2 gjev dessutan ein kort gjennomgang av den faglege bakgrunnen for ei slik segmentering. Sjå også diskusjonen i kapittel 11.3.

3.6.2 Fritidsbilistane langs E 6

Intervjuja gjekk føre seg i ein avgrensa del av sommarsesongen (26.6-18.7), og i ein avgrensa del av døgeret. (8.30-17.30, med hovudvekt på tidsrommet 10.00 til 16.00). Det er difor mogleg at bilistundersøkinga ikkje dekkjer den totale trafikken blant fritidsbilistane. For å freista å kontrollere dette, har vi her samanlikna bustaden blant dei fritidsbilistane som besøkte Stabbursdalen i løpet av den turen dei var på, med utfyllinga av sjølvregistreringskort på Porsangersida av Stabbursdalen. Denne samanlikninga er ikkje utan problem. Registreringa av brukarar ved hjelp av sjølvregistreringskort dekkjer for det første ein lengre periode både på sommaren og døgeret enn bilistintervjuja. For det andre er utvalsprosedyren ulik i dei to undersøkingane. Ein har difor ei mogeleg feilkjelde dersom ulike nasjonalitetar/ heimstadsgrupper fyller ut sjølvregistreringskort i ulik grad. Ein annan viktig forskjell mellom dei to undersøkingane, er at vi i bilistundersøkinga spurde om folk skulle besøke Stabbursdalen i **løpet av den turen dei vart intervjuja**, mens sjølvregistreringa dekkjer heile sommaren. Dette kan slå ut for busette i Porsangerområdet og dei som oppheldt seg der i fleire dagar. Det kan tenkjast at ein del av desse ikkje skulle vitje Stabbursdalen den dagen dei vart intervjuja langs E 6, men seinare i løpet av sommaren. Ein del av fritidsbilistane kan derfor ha fylt ut sjølvregistreringskort, sjølv om dei ikkje skulle til Stabbursdalen den dagen dei vart intervjuja langs E 6.

Samanliknar vi dei to undersøkingane, finn vi at samsvaret i heimstad blant dei fritidsbilistane som besøkte Stabbursdalen i løpet av denne turen, og dei som fylte ut sjølvregistreringskort er dårlig. Dette gjeld uansett om ein samanliknar bilistintervju med alle utfylte sjølvregistreringskort, eller perioden bilistintervju vart gjennomført (**tabell 3.1**).

I undersøkinga blant fritidsbilistane tykkjест nordmennene å vere kraftig underrepresenterte, og utlendingar tilsvarande overrepresenterte. Dette kan som nemnt ha samanheng med at vi i bilistundersøkinga berre spør om dei skal besøke Stabbursdalen på den turen dei er på når dei blir intervjuet. Det kan godt tenkjast at folk t.d. frå Porsanger besøker Stabbursdalen i løpet av sommaren, sjølv om dei ikkje gjer det på akkurat den turen dei vert intervjuet. Denne effekten må ein rekne er større di nærmere Stabbursdalen ein er busett, og di nærmere tilknyting ein har til området, t.d. i form av slekt, vene eller fritidsbustad. Samanliknar ein berre fordelinga av utlendingar, der det truleg er ein stor del som berre er på ein tur til Porsanger i løpet av sommaren, er det likevel ikkje noko særlig godt samsvar mellom dei som registrerte seg i sjølvregistreringskassene i perioden for bilistin-

tervja og fritidsbilistane. Ingen av dei danske fritidsbilistane vi intervjuet skulle vitje Stabbursdalen, mens dei utgjorde 9% av dei utanlandske registreringane i sjølvregistreringskassene i same tidsrom. Men her må ein merke seg at utvala er små.

Kor vidt det er undersøkinga blant fritidsbilistane som ikkje er heilt representativ, eller det er registreringane i sjølvregistreringskassene som har blitt noko skeive, eller om dei to registreringsmetodene er så ulike at dei ikkje kan samanliknast, er vanskeleg å seie. Det synest likevel som om dei lokale brukarane av Stabbursdalen er underrepresenterte i bilistundersøkinga. Den mest sannsynlege årsaka til dette, er at dei har fare forbi intervjustadene før eller etter intervjuperioden. Sidan ein stor del av bruken av Stabbursdalen er knytt til fiske, tykkjест dette å vere ei rimeleg forklaring. Vi nemnde også i kapittel 3.6.1 at ein må vere varsam med å bruke tala frå sjølvregistreringa kvantitativt. Dette gapet mellom dei to delundersøkingane skulle kanskje stadfeste dette.

Tabell 3.1 Heimstadsfordeling blant dei fritidsbilistane som besøkte Stabbursdalen i løpet av den turen dei vart intervjuet, samanlikna med dei som fylte ut sjølvregistreringskort på Porsangersida i Stabbursdalen. - *Places of residence among the leisure drivers who visited Stabbursdalen during the trip when they were interviewed, compared to those who completed self-registration cards at the Porsanger side of Stabbursdalen.*

| Heimstad | Dei fritidsbilistane som besøkte Stabbursdalen | Registrerte i sjølvregistreringskassene | | |
|------------------|--|--|---|-------|
| | | I intervju - perioden for fritidsbilistane | Utanom intervju - perioden for fritidsbilistane | I alt |
| Finnmark | 5.2% | 28.3% | 28.4% | 28.3% |
| Nord-Noreg elles | 3.1% | 12.7% | 18.1% | 15.3% |
| Noreg elles | 8.2% | 25.2% | 17.4% | 21.5% |
| Danmark | - | 3.0% | 1.3% | 2.2% |
| Sverige | 2.1% | 3.6% | 4.5% | 4.0% |
| Finland | 39.2% | 12.0% | 13.5% | 12.8% |
| Tyskland | 23.7% | 9.6% | 8.4% | 9.0% |
| Utlandet elles | 18.6% | 5.4% | 8.3% | 6.7% |
| I alt | 100.1% | 99.8% | 99.9% | 99.8% |
| N = | 96 | 166 | 155 | 321 |

3.7 Registrering av slitasje

Nokre av tiltaka i forvaltningsplanen har som formål å avgrense/redusere slitasjen i området, og vi vil også prøve å finne ut om ein lykkast med desse forsøka. Vi har gjort slitasje-registreringar ved følgjande **lokalitetstypar**: sti, leirplass / rastepllass / fiskeplass, køyrespor og parkeringsplass.

Følgjande **lokalitetar** vart plukka ut for slitasjestudiar:

- Fleire stisegment mellom Lombola og Fossekulpen; dei fleste i Lombolaområdet¹.
- Den regulerte sonen ved Fossekulpen², både på nord- og sør-sida.
- Strekninga frå Stabbursfossen og inn til neste fisketrapp (sørsida).
- Delar av stien / køyresporet frå Madarjav'ri og inn til den skoglause terrassen nord for Fossekulpen.
- Delar av køyresporet mellom Lombolavegen og Såffavarri.
- Parkeringsplassen ved Lombola.

Resultata frå desse slitasjemålingane blir ikkje presenterte her. Dei har også først og fremst interesse når ein ser dei i høve til ei etter-registrering.

Generelt kan ein seie at eventuell restaurering av sliten mark vil gå seint i dette området (pga. klima, jordsmonn, reindrift m.m.), men det å få jord- og vegetasjonssitasje på nye stader, eventuelt auka slitasje ved intensivert bruk kan gå fort. I dette prosjektet der ein kjem nokså fort tilbake med ei etter-undersøking, er det sannsynlegvis berre **auke i slitasjen** vi vil bli i stand til å måle.

Detaljar omkring metodane for å måle slitasjen vert presenterte saman med resultata frå slitasjemålingane, truleg i samband med etter-undersøkinga.



Figur 3.3

Køyrespor inn mot Såffavarri.
- Impact from driving.

¹ Valet av stisegment vart noko heilgarderande, fordi lokaliseringa av den nye merkte stien mellom Lombola og Fossekulpen / Binalvarri, var usikker.

² Her kalla 'regulert sone' fordi det er innført spesielle reglar for fisket der.

4 Ferdsla til og forbi Lombola

Vi har som sagt registrert ferdsla ved hjelp av ein automatisk bilteilar langs bilvegen inn til Lombola, og ein automatisk personteljar langs den stien som fører innover frå parkeringsplassen. Ved å samle ferdelsdata for fleire år, vil dette gje informasjon om relativ trafikkutvikling langs denne traseen. Dette er den viktigaste porten inn til parken, og han fangar truleg opp meir enn halvparten av alle besøkande.

I løpet av juli og august hadde **om lag 2400 bilar** (dvs. rundt 4800 teljingar) passert teljaren, både i 1990 og i 1991. Dette må hovudsakleg ha vore ein kombinasjon av gjester til parken / Lombola / Dil'lajav'ri³, reindriftssamar⁴ og "reine bilturistar".

Personteljaren syntetiserte urealistisk høge tal for 1990, pga. (systematisk?) overteljing eller teknisk svikt. Talet var meir realistisk i 1991, og også meir pålitelige fordi vi hadde eit godt, systematisk tilsyn med teljarane (ved Fjelltjenesten i Lakselv). I 1991 registrerte personteljaren **i overkant av 4000 passeringar** for juli og august. Dei fleste registrerte har sannsynlegvis gått både tur og retur forbi teljaren. På den andre sida vil sikkert mange, særleg fiskarar, ha gått ein annan stitar (ikkje minst langs elva) og dermed ikkje blitt registrerte.

5 Brukarane av nasjonalparken

5.1 Personlege karakteristika

5.1.1 Alder, kjønn og sivilstand

Det var stor spreiing i alder, med eit gjennomsnitt på 37 år (**tabell 5.1**).

Mannfolka var i klart fleirtal (79 %), og her gjorde fiskarane eit kraftig utslag; om vi ser bort frå den delen av datamaterialet som botnar i 'kjøpt-fiskekort', ville mannsdominansen vore på 67 %.

70 % var gifte eller sambuande, og tett innpå halvparten (47 %) budde i lag med eigne og/eller ektefelle/sambuar sitt barn. Yngstebarnet var i gjennomsnitt 10 år.

Tabell 5.1 Aldersfordeling bland brukarane av Stabbursdalen, prosentvis fordeling. - Age distribution among users of Stabbursdalen, in per cent.

| 15-24 år | 25-34 år | 35-44 år | 45-54 år | 55-64 år | 65-75 år |
|----------|----------|----------|----------|----------|----------|
| 13 | 33 | 28 | 17 | 7 | 3 |

5.1.2 Heimstad og heimstadmiljø

Nordmennene dominerte stort (86 %) og med finnar og tyskarar som dei største utanlandsgruppene (**tabell 5.2**). Den talmessige fordelinga mellom desse gruppene skal vi ikkje legge for stor vekt på. T.d. så tyder intervjuet med fritidsbilistane at talet på utlendingar i Stabbursdalen sannsynlegvis var høgare enn våre tal skulle tilseie.

Blant dei norske var det klart flest frå Nord-Noreg; lista nedanfor syner fordelinga på dei norske regionane:

| | | |
|------|-----|--------------------------|
| 14 % | frå | Porsanger kommune |
| 12 % | " | Alta / Kvalsund kommunar |
| 19 % | " | Finnmark elles |
| 32 % | " | Nord-Noreg elles |
| 1 % | " | Trøndelag |
| 5 % | " | Vestlandet |
| 1 % | " | Agder |
| 10 % | " | Oslo / Akershus |
| 6 % | " | Austlandet elles. |

³ Både Lombola og Dil'lajav'ri ligg innanfor plansenon til Forvaltningsplanen, men bære områda ligg idag utanfor nasjonalparken. Dil'lajav'ri er rekna som eit viktig utfartsområde for bygdefolk.

⁴ Det er reindriftsanlegg (samle-/slakteplass) langs denne vegen inn til Lombola.

Tabell 5.2 Kvar kjem brukarane av Stabbursdalen frå, prosentvis fordeling. - Where do the users of Stabbursdalen come from, in per cent.

| Noreg | Finland | Sverige | Danmark | Tyskland | Andre |
|-------|---------|---------|---------|----------|-------|
| 86 | 6 | 1 | 1 | 4 | 2 |

Vi hadde også lagt inn eit spørsmål om heimstadmiljø, i tydinga: kor mykje folk bur det på heimstaden din. Den største gruppa kom frå tettstader med mellom 2.000 og 10.000 innbyggjarar (tabell 5.3).

Tabell 5.3 Kva slag heimstadmiljø kjem brukarane av Stabbursdalen frå? Prosentvis fordeling. - What types of home environments do users of Stabbursdalen come from, in per cent

| >100.000 innbyggjarar | 20.000 99.999 | 10.000- 19.999 | 2.000- 9.999 | 200- 1.999 | <200 innbyggjarar |
|--------------------------|------------------|-------------------|-----------------|---------------|----------------------|
| 12 | 20 | 9 | 32 | 13 | 16 |

5.2 Segmentering etter ulike opplevings-preferansar

A forvalte nasjonalparkar er i stor grad eit spørsmål om å forvalte folk. Kven er det vi forvaltar t.d. Stabbursdalen for? Det spørsmålet kan tolkast svært vidt, i t.d. ein meir filosofisk eller politisk retning: kven bør reknast som interessentar i høve forvaltinga av Stabbursdalen? Vi går ikkje så langt, men har t.d. strekt ut ramma ved å intervju fritidsbilistane på E 6 forbi Stabbursdalen, både for å få eit bilet av faktisk og potensiell bruk av parken, og for å få ei referanseramme til biletet av dei som brukar Stabbursdalen i dag.

Ei anna vinkling på same spørsmålet er: Korleis kan vi betre **forståinga** av dei som faktisk brukar Stabbursdalen i dag? Det er kanskje ikkje tilstrekkeleg å berre omtale brukarane i form av heimstad, alder, kjønn, aktivitetar osb. Om ein held fast på utgangspunktet om at **folk vitjar Stabbursdalen for å få gode opplevelingar**, så må der ligge noko essensielt i koplinga mellom personen (erfaringar, haldningar, preferansar) og området (t.d. ulike miljømessige sider), som ein må prøve å få ei forståing av.

Dette er bakgrunnen for at brukarane av nasjonalparken vart delt inn i klasser eller segment, etter korleis dei svara på 16 spørsmål om:

kor viktig ulike konkrete **forvaltningsmessige, sosiale og fysiske forhold** var for dei, når dei var på lengre turar til fots om sommaren (minimum tre timer), og uansett kva slag område dei var i (sjå kapittel 3.4 og vedlegg 2).

Variantar av denne metoden er nyttå tidlegare av Stankey (1973), Wallsten (1988) og Vistad (under utarb.).

Denne segmenteringa enda opp med 3 klasser med følgjande karakteristika i høve til dei 16 bakgrunnsvariablane (figur 5.1):

Turgruppa (T):

- 1 - Positive til tilrettelegging.
- 2 - Negative til miljøpåverknad, men likevel den gruppa som var mest tolerant når det gjeld motorlyd, søppel m.m.
- 3 - Svært viktig med valfridom.
- 4⁵ - Viktig med kjende område, likar ikkje å vere aleine på tur, og det er uvesentleg om der er andre brukarar i same området.

Naturgruppa (N):

- 1 - Tilrettelegging har lita tyding.
- 2 - Svært låg toleranse for miljøpåverknad.
- 3 - Valfridomen er viktig, men ikkje avgjerande.
- 4 - Uvesentleg om ein er i kjende / ukjende område, uvesentleg om ein går aleine på tur, men det bør vere få andre brukarar i området.

Villmarksgruppa (V):

- 1 - Negative til tilrettelegging.
- 2 - Svært låg toleranse for miljøpåverknad.
- 3 - Fridomsaspektet i friluftslivet svært viktig.
- 4 - Uvesentleg om ein er i kjende / ukjende område, uvesentleg om ein går aleine på tur, men det er svært viktig at det er få andre brukarar i området.

Namna som her er lagt på gruppene er valt etter ei tolking av nettopp dei karakteristika som særpregar kvar gruppe. Dei tre gruppene er om lag like store; N ligg mellom 172 og 186 for kvar av gruppene. Seinare i rapporten blir desse gruppene oftast omtalt som **preferansegruppene** eller **TNV-gruppene** (etter forbokstaven i namnet på kvar gruppe).

⁵ I denne tematiske fire-delingen i presentasjonen, refererer til dei fire faktorane som faktanalysa av dei 16 bakgrunnsvariablane gav (sjå vedlegg 2).

Kven er i desse gruppene i høve til dei personlege karakteristika som vart omtalte i førre kapitlet?

Mønsteret er som følgjer:

Turgruppa:

Relativt fleire frå Nord-Noreg og dei lokale kommunane, og færre "søringar"⁶. Her er høgare gjennomsnittsalder (39 år) enn for dei to andre gruppene⁷.

Naturgruppa:

Fleire utlendingar (særleg tyskarar) og særleg mange frå byar (> 10.000 innbyggjarar)⁸.

Villmarksgruppa:

Relativt fleire frå Nord-Noreg og dei lokale kommunane, og færre utlendingar (særleg få finnar). I større grad folk frå tett- og småstader (<10.000 innbyggjarar), og færre frå byar

Gruppene skilde seg ikkje når det gjeld kjønn eller sivilstand.

Vi vil i kapitla framover, sjå korleis desse gruppene fordeler seg i høve til ulik bruk av parken, og kva haldningar, opplevingar og preferansar brukarane har når det gjeld bruk og forvaltning av Stabbursdalen.


5.3 Tidlegare kjennskap til Stabbursdalen

Noko over halvparten (57 %) hadde vore i Stabbursdalen før, og 82 % av dei tilreisande sa dei visste at dette var ein nasjonalpark før dei kom hit. Av dei som hadde vore i Stabbursdalen før, sa innpå 1/3 at dei hadde vore der meir enn 20 gonger før (tabell 5.4).

Tabell 5.4 Av dei som kjenner Stabbursdalen frå før, kor mange gonger har dei vore der? (N = 355). - Number of visits to Stabbursdalen by those who already know the area (N=355).

| 1 gong | 2 - 5 gonger | 6 - 10 gonger | 11 - 20 gonger | > 20 gonger |
|--------|--------------|---------------|----------------|-------------|
| 23 | 29 | 11 | 8 | 30 |

Her var det berre eit bortfall på 2 %



Figur 5.1

Korleis dei tre preferansegruppene har svara (i gjennomsnitt) på dei 16 bakgrunnsvariablene som var grunnlaget for gruppeinndelinga. Dei 16 variablene er her sorterte etter korleis dei "fordelar seg" på dei fire faktorane. - Distribution of three preference groups relative to the 16 background variables which form the base for the segmentation of users. The 16 variables are here sorted according to how they fit into the four factors.

⁶ I analysa samla vi alle brukarane til fire kategoriar:

Dei tre lokale kommunane (Porsanger, Alta og Kvalsund), Resten av Nord-Noreg, Noreg elles og Utlanders. Desse fire kategoriene fordele seg signifikant ulikt på dei tre preferansegruppene: $\chi^2=12,75$, DF=6, p<.05.

⁷ Einvegs variansanalyse: F=4,58, DF=2, p<.05

⁸ Heimstadmiljø: $\chi^2=10,58$, DF=2, p<.01.

I kryssanalysane nedanfor, vert brukarane delte i tre grupper: dei som ikkje har vore i Stabbursdalen før (N=272), dei som har vore der 1-5 gonger (N=183) og dei som har vore der meir enn 6 gonger (N=172).

Når det gjeld korleis desse fordelte seg på heimstad, så var mønsteret akkurat så logisk som ein kunne tenkje seg: Dei fleste av dei med mest erfaring frå Stabbursdalen var lokale brukarar, og dei fleste av utlendingane (69 %) hadde aldri vore der før. Det var først og fremst dei som gjekk fottur som ikkje hadde vore der før - særleg dei som tok ein kortare dagstur, men også dei på fleirdagars tur. Det var særleg mange med svært lang erfaring blant dei som plukka bær og dei som dreiv med innlandsfiske. Av laksefiskarar var det mange i alle "erfaringsklasser", men den største gruppa laksefiskarar (46 %) var første-gongsgjester i Stabbursdalen.

TNV-gruppene:

Villmarksgruppa hadde flest med lang erfaring frå Stabbursdalen (> 6 tidlegare besøk), og Naturgruppa flest både utan erfaring, og flest med 1-5 besøk, men færrest i gruppa med særleg lang erfaring⁹. Det var også klar skilnad mellom gruppene i om ein visste at Stabbursdalen var ein nasjonalpark eller ikkje¹⁰. Villmarksgruppa hadde langt fleire som visste dette enn både dei to andre; færrest var det i Turgruppa (72 %).

5.4 Tidlegare tur- og friluftslivserfaring

Det var stort sett svært erfarne friluftsfolk som var i Stabbursdalen, og svært få som aldri hadde vore på fleirdagars fot- eller skitur eller gått ein fottur siste året (sjå tabellane 5.5 og 5.6). Og talet personar som hadde kryssa av for dei største kategoriane ('meir enn 20 overnattingsturar' og 'fottur lenger enn 20 km') ligg godt høgare enn det som er vanleg i slike område, t.d. samanlikna med ei undersøking i Femundsmarka Nasjonalpark (Vistad 1989).

Bortimot halvparten (44 %) av dei som aldri hadde vore på fleirdagsturar, var utlendingar. Det var små skilnader mellom nordmenn frå ulike regionar.

TNV-gruppene:

Det var både fleire friluftsfolk og meir erfaring i Villmarksgruppa enn dei to andre. Turgruppa hadde flest som ikkje var friluftsfolk (12 %)¹¹.

⁹ $\chi^2=11,75$, DF=4, p<.05

¹⁰ $\chi^2=10,47$, DF=2, p<.01.

Tabell 5.5 Kor mange gonger brukarane av Stabbursdalen har vore på fleirdagars fot- eller skitur i skogl/ mark/ fjell (Prosentvis, N = 625). - The number of times the users of Stabbursdalen have been on multi-day hiking and skiing trips in mountain and forest areas (in per cent, N=625).

| Aldri | 1 gong | 2 - 5 gonger | 6 - 10 gonger | 11 - 20 gonger | > 20 gonger |
|-------|--------|--------------|---------------|----------------|-------------|
| 7 | 2 | 11 | 8 | 5 | 66 |

Tabell 5.6 Kor lang var den lengste fotturen i løpet av siste året (Prosentvis, N = 625). - Length of longest hike during the last year (in per cent, N=625).

| Ingen fotur | < 1 km | 1 - 5 km | 6 - 10 km | 11 - 20 km | > 20 km |
|-------------|--------|----------|-----------|------------|---------|
| 3 | - | 5 | 10 | 22 | 59 |

5.5 Medlemskap i natur- og friluftslivsforeiningar

Vel halvparten (53 %) var organiserte i ei eller fleire slik foreiningar.

Desse fordelar på:

11 % i turistforeining.

32 % i jeger- / fiskarforeining.

7 % i Norges Naturvernforbund.

7 % i andre miljøvern- eller friluftslivsorganisasjonar.

TNV-gruppene:

Villmarksgruppa hadde fleire organiserte (61 %) enn dei to andre. Det var færrest miljøorganiserte i Turgruppa¹².

¹¹ Fleirdagars fot- eller skitur: $\chi^2=39,36$, DF=10, p<.001.

Lengste fotturen siste året: $\chi^2=31,29$, DF=8, p<.001.

¹² $\chi^2=8,08$, DF=2, p<.05.

6 Bruken av parken

6.1 Aktivitetar

Fiske, og særleg fiske etter laks, er den klart største enkeltaktiviteten i vårt materiale. 43 % av respondentane fiska etter laks, og desse personane gjorde også flest turar inn i Stabbursdalen. Slik sett var 49 % av alle turar, turar for å fiske etter laks (**tabell 6.1**). Dagsturar til fots var også svært omfattande, men denne aktivitetgruppa er truleg underrepresentert i skjema-materialet. Til samanlikning har vi sett opp aktivitetsfordelinga på grunnlag av dei utfylte registreringskorta (**tabell 6.2**). Det er tilsynelatende klare skilnader mellom desse to resultata. Dette er diskutert i kapittel 3.6 og **vedlegg 3**. Resultata frå undersøkinga blant fritidsbilistar og deira besøksmønster i Stabbursdalen, tyder også på at dei korte dagsturbesøka er underrepresenterte.

Tabell 6.1 Fordelinga av personar og tutal på ulike aktivitetar. (Etter utsendt spørjeskjema, N = 638). - Distribution of users and number of trips among various activities (after mail-out of questionnaire, N=638).

| | Talet turar | | Talet personar | |
|-----------------------|-------------|----|----------------|----|
| | N | % | N | % |
| Eindags fottur (-ar) | 303 | 14 | 147 | 23 |
| Fl. dags fottur (-ar) | 231 | 11 | 81 | 13 |
| Laksefiske | 1048 | 49 | 227 | 43 |
| Innlandsfiske | 147 | 7 | 72 | 11 |
| Bærplukking | 241 | 11 | 103 | 16 |
| Jakt | 41 | 2 | 19 | 3 |
| Andre | 146 | 7 | 44 | 7 |

Tabell 6.2 Fordelinga på aktivitetar (i %) etter utfylte kasse-kort (N = 749). - Distribution of activities (in per cent) according to completed self-registration cards (N=749).

| 1 dags fottur | Fl.dags fottur | Bær tur | Hytte tur | Fiske | Andre |
|---------------|----------------|---------|-----------|-------|-------|
| 39 | 25 | 16 | 4 | 41 | 17 |

For å kunna gjennomføre enkelte statistiske testar har vi isolert dei brukarane som berre hadde ført opp **ein** aktivitet (N=388). Ved å samhalde desse med dei fire heimstadgruppene (sjå fot-note i kapittel 5.2), syner det seg at¹³:

- utlendingane og "søringane" hovudsakleg fiska etter laks eller gjekk dagsturar til fots.
- dei nordlendingane som ikkje kom frå lokalsamfunnet, først og fremst var laksefiskarar.
- folk frå lokalsamfunnet (kommunane Lakselv, Alta og Kvalsund) fordeler seg på alle aktivitetane, men med tyngdepunkt på laksefiske og bærplukking.

Det er ein god del **private hytter** i Lombola-området. 17 % (N = 109) av dei registrerte seier dei var ein eller fleire dagar på hytta. Den største gruppa av desse er dei som var på hytta 3 - 5 dagar denne barmarksesongen. **Tabell 6.3** syner fordelinga vidare.

Tabell 6.3 Kor mange dagar var brukarane på hytta i Stabbursdalen. Prosentvis fordeling (N = 109). - Number of days spent by the users at the hut in Stabbursdalen, in per cent (N=109).

| 1 dag | 2 dagar | 3-5 dagar | 6-10 dagar | 11-20 dagar | 21-50 dagar | >50 dagar |
|-------|---------|-----------|------------|-------------|-------------|-----------|
| 6 | 8 | 49 | 22 | 9 | 4 | 2 |

TNV-gruppene:

Det var **ingen skilnader mellom gruppene** når det gjeld talet på turar innan kvar aktivitet, eller kor mange dagar brukarane var på hytta i løpet av sesongen. Det var heller ikkje skilnad mellom preferanse-gruppene når det gjeld aktivitetstypar ($p=.055$).

¹³ $\chi^2=81,15$, DF=15, p<.001.

**Figur 6.1**

Øvre del av Fossekulpen med Stabbursfossen i bakgrunnen. - Upper part of Fossekulpen. Stabbursfossen in the background.

6.2 Kor mange og kor lange var turane?

Den gjennomsnittlige lengda for den lengste turen i Stabbursdalen var **2,4 døgn**, men med variasjon mellom 1 døgn og 28 døgn (**tabell 6.4**). Det var 45 % som ikkje tok nokon lengre tur enn ein dagstur.

Tabell 6.4 Lengda på den lengste turen i Stabbursdalen, sommaren 1990. Prosentvis fordeling (N = 449). - Length of longest trip in Stabbursdalen, summer 1990, in per cent (N=499).

| 1 dag | 2 dagar | 3 - 5 dagar | 6 - 10 dagar | > 10 dagar |
|----------|------------|----------------|-----------------|---------------|
| 45 | 22 | 27 | 5 | 1 |

Lengda på den lengste fotturen (i km) syntet tilsvarende stor variasjon og bortimot halvparten hadde gått lenger enn 10 km (**tabell 6.5**).

I løpet av barmarkstida 1990 hadde kvar registrert gjest **gjennomsnittleg 4 turar** i Stabbursdalen, men også her var det svært stor variasjon (standardavvik 9,2). Halvparten av brukarane tok berre ein tur (**tabell 6.6**).

Tabell 6.5 Kor lang (i km) var den lengste fotturen i Stabbursdalen i løpet av siste året (oktober 89 til oktober 90). (Prosentvis fordeling, N=608). - Length (in km) of longest trip in Stabbursdalen during the last year (october 1989 to october 1990), in per cent (N=608).

| < 1 km | 1 - 3 km | 4 - 5 km | 6 - 10 km | 10 - 20 km | > 20 km |
|-----------|-------------|-------------|--------------|---------------|------------|
| 2 | 12 | 18 | 25 | 22 | 22 |

Tabell 6.6 Fordelinga av talet turar i Stabbursdalen i barmarkstida 1990 (N=625). - Distribution of the number of trips in Stabbursdalen during the summer season (time of year without snowcover)(N=625).

| 1 tur | 2 turar | 3-5 turar | 6-10 turar | 11-20 turar | 21-50 turar | > 50 turar |
|----------|------------|--------------|---------------|----------------|----------------|---------------|
| 50 | 20 | 15 | 8 | 4 | 2 | 1 |

Omrekena til kor mange dagar desse var i Stabburdsalen, blir gjennomsnittstida **6 dagar**, og her med enno større variasjon (standard avvik 11,9). Tre av fire gjester var der i 5 dagar eller mindre, men dette blir vege opp av dei relativt få som brukte svært mange døgn i dalen (**tabell 6.7**).

Tabell 6.7 Fordelinga av totaltalet besøksdagar i Stabburdsalen, barmarkstida 1990 (N=620). - Total number of visiting days in Stabburdsalen (time of year without snowcover) during 1990 (N=620).

| 1 dag | 2 dagar | 3-5 dagar | 6-10 dagar | 11-20 dagar | 21-50 dagar | > 50 dagar |
|-------|---------|-----------|------------|-------------|-------------|------------|
| 22 | 22 | 32 | 12 | 7 | 3 | 1 |

TNV-gruppene:

Det var ingen signifikante skilnader mellom gruppene når det gjeld kor mange turar eller kor mange dagar dei var i Stabburdsalen, og heller ikkje i kor mange km den lengste turen deira var eller kor mange dagar han tok.

6.3 Overnatting

Det var teltovernatting som var mest vanleg. Elles vart det overnatta under open himmel, i private hytter, i foreningshytter eller campinghytte / -vogn / -bil. **Tabell 6.8** syner fordelinga på både overnattingsform og -lengde.

Tabell 6.8 Fordelinga på overnattingsform og -lengde. Prosentvis fordeling innan kvar kategori. - Type and duration of accomodation, in per cent of each category.

| N pers. | Telt | Privat hytte | Forenings-hytte | Open himmel | Annan måte |
|-------------|------------|--------------|-----------------|-------------|------------|
| 266 | 266 | 71 | 23 | 76 | 93 |
| 1 natt | 29 | 21 | 35 | 50 | 37 |
| 2 netter | 26 | 21 | 17 | 24 | 26 |
| 3-5 netter | 32 | 27 | 26 | 20 | 21 |
| 6-10 netter | 11 | 14 | 17 | 7 | 12 |
| > 10 netter | 3 | 17 | 4 | 0 | 5 |

(Kategorien "Annan måte" omfattar hovudsakleg Campingbil/-vogn, eller overnatting på campingplassen ved utløpet av Stabburtselva).

TNV-gruppene:

Det var ingen skilnad mellom gruppene når det galdt overnattingslengder.

6.4 Reisefølgje

Dei aller fleste var saman med andre på turen / turane. Berre 12 % sa dei var på tur aleine. Den største gruppa (56 %) var på tur med venner, men mest like mange (48 %) var saman med familién. Berre 3 % sa dei var på arrangert tur. Gjennomsnittleg gruppestørrelse var 3,4 personar.

Det var ingen skilnad mellom **TNV-gruppene** når det galdt reisefølgje.

6.5 Stiane - til hjelp eller frustrasjon?

Når vi spurde om brukarane nokon gong var i **tvil om kva for sti dei skulle velje**, var det berre 10 % som sa "fleire gonger". Over halvparten (54 %) svarte "nei". Av dei som fleire gonger hadde vore i tvil, hadde 3/4 enten registrert seg ved Lombola-kassa eller kome inn i utvalet som fiskekort-kjøpar (og også mest sannsynleg gått inn frå Lombola). Det er også svært sannsynleg at nettopp Lombola-området kan ha på problem, med dei mange umerkte stiane og mange sti-forgreiningane som er der.

Det var relativt flest utlendingar (20 %) som var i tvil om stivalet, men også 12 % av dei frå Nord-Noreg (utanom dei tre lokale kommunane)¹⁴.

¹⁴ $\chi^2=53,41$, DF=6, p<.001.

Evna til å finne fram kan ha samanheng med standarden på stiane, eller korleis folk oppfattar standarden. Det var få som syntest at stiane hadde for mange **forgreiningar** (13 %) eller var **er for utydelege** (14 %). Men dei som vurderte stiane på denne måten hadde i større grad problem med å velje rette stien¹⁵.

Sjå andre miljømessige vurderingar av stiane i kapittel 7.3.

TNV-gruppene:

Villmarksgruppa var minst i tvil om stivalet og Turgruppa mest i tvil, men vi kan ikkje påvise signifikant skilnad mellom dei tre gruppene når det gjeld den eventuelle tvil om stival ($p=,056$).

Derimot var det klar skilnad når det galdt vurderinga av om stiane var tydelege nok; av dei som tykte dei var for utydelege var halvparten i Turgruppa¹⁶.

6.6 Bålbrenning

Det er forbode å gjere opp varme i skogsmark i sommarhalvåret (15. april til 15. september). Det er likevel ei kjensgjerning at folk lagar bål. Vi la difor inn nokre spørsmål om bålbrenning; ikkje for å dokumentere lovbro, men for å prøve å avdekke kva bålet tyder for brukarane av Stabbursdalen. Dette har generell forvaltningsinteresse, samt at det er viktige bakgrunnsdata for å vurdere reguleringsforsøket ved Fossekulpen (sjå kapittel 2.4).

Berre dei som laga bål vart oppfordra til å svare på desse bål-spørsmåla.

Vi spurde kor viktig bålet var for å få ein vellykka tur. **74 % av heile utvalet svara på dette spørsmålet** og berre 7 % av desse svara at "Bålet er ikke så viktig, så jeg kunne godt klare meg uten". **Halvparten svara at ein tur utan bål er nesten utenkjeleg.** Og dei siste 43 % kryssa av for kategorien: "Jeg lager gjerne bål, hvis det passer inn i turopplagget ellers". Det var brukarane frå Nord-Noreg som sette særleg pris på bålet, og relativt flest utlendingar som godt klara seg utan bål.¹⁷

Berre 9 % av dei som laga bål sa det var vanskeleg å finne ved; 17 % sa det var litt vanskeleg.

Når det galdt formålet med bålet, så sette vi opp tre alternativ (koke / steikje, tørke klede, trivsel) og bad folk prioritere ved å be om berre ei avkryssing. Dette fungerte ikkje heilt godt; fleire har kryssa av for to eller alle tre alternativa. Av dei som laga bål har **78 % kryssa av for 'koke / steikje'**, 22 % for 'trivselens skuld' og berre 5 % for å 'tørke klede'. Dette syner klart at det funksjonelle formålet 'koke/steikje' er svært viktig. Men er dette så dominante i høve til "for trivselens skuld", at t.d. bålet godt kan erstattast med stormkjøkken (raudsprit-apparat) eller primus for dei fleste brukarane? Den prosentvise fordelinga skulle kanskje tyde på det, men det kan godt vise seg å vere ein forhasta slutning. Denne undersøkinga gjev ikkje noko godt svar om denne balansen mellom bålet som eit funksjonelt hjelpemiddel og bålet som eit trivselsskapande innslag.

Forsøket ved Fossekulpen inneber m.a. at det er laga faste bål-plassar, kombinert med forbod mot å lage nye. På nettopp spørsmålet om folk laga nye bål-plassar eller brukte gamle, svara 89 % (av dei som laga bål) at dei brukte gamle, medan 16 % hadde laga nye. Dvs. at om lag 5 % hadde både laga ny(-e) og brukta gamle.

TNV-gruppene:

Bålet var viktig for alle gruppene, men særleg viktig for Villmarksgruppa; dei fleste av dei som sa at bålet ikkje var så viktig, høyrer til Natur-gruppa¹⁸. At bålet var viktigast for Villmarksgruppa får ein også ein indikasjon på, ved at denne gruppa i større grad enn dei to andre hadde svara på desse bål-spørsmåla.

¹⁵ Forgreiningar på stiane ($\chi^2=46,26$, DF=4, $p<,001$), utydelege stiar ($\chi^2=92,30$, DF=4, $p<,001$).

¹⁶ $\chi^2=13,33$, DF=4, $p<,01$

¹⁷ $\chi^2=26,98$, DF=6, $p<,001$

¹⁸ $\chi^2=19,35$, DF=4, $p<,001$.

**Figur 6.2**

Bålpass og marksitasje ved Fossekulpen. Stabbursfossen i bakgrunnen. - Firering and impacted ground by Fossekulpen.

7 Persepsjon av miljøtilstand

7.1 Søppel

Av dei fire nemnde lokalitetane (parkeringsplassar, stiar, vatn og vassdrag, samt leir- og rastepllassar), vart 'leir og rastepllassar' opplevd som mest forsøpla, med middelverdien 2,6¹⁹. 'Stiar' vart opplevd som minst forsøpla (middelverdi 1,9). Dette biletet får ein også fram gjennom **figur 7.1** Halvparten (49 %) tykte søppelmengda i området var 'som forventa'. Dei fleste av den andre halvparten sa det var mindre enn forventa.

Det var stor irritasjon over 'sett søppel'; 49 % sa at søpla irriterte "mykje" eller "nokså mykje", 29 % vart "litt irritert".

Det var ein del skilnader mellom dei fire **heimstadgruppene**: Dei lokale brukarane såg relativt meir søppel enn dei andre gruppene, langs stiar og ved leir- og rastepllassar. Det var relativt fleire søringer (dvs. dei frå Trøndelag og sørover) og lokale brukarar som såg 'meir søppel enn forventa'. Når det gjeld reaksjonen på 'sett søppel' så vart utlendingane "minst irriterte", og også søringerne var noko mindre irriterte enn dei to gruppene frå Nord-Noreg.

TNV-gruppene:

Både opplevinga av mengde søppel og reaksjonane på denne, er framstilt i **figur 7.1**. 'Leir- og rastepllassar' var den einaste lokalitten som skilde preferansegruppene; Villmarksgruppa såg relativt mest søppel og Turgruppa minst 20.

Det var klarare skilje mellom gruppene (sjå figur 7.1) når det galdt:

- om dei såg meir eller mindre søppel enn forventa 21

- kva dei tykte om den eventuelle søpla dei såg 22

Villmarksgruppa var den som såg mest i høve til det forventa, og også reagerte mest negativt på søpla .

7.2 Slitasje

I spørjeskjemaet vart slitasje definert som noko negativt: "Med slitasje mener vi her: Når mennesker, dyr eller maskiner har slitt så kraftig at **du** reagerer negativt".

¹⁹ Utifrå skalaen 1 ("ingenting") til 5 ("svært mykje").

²⁰ $\chi^2=24,63$, DF=8, p<.01.

²¹ $\chi^2=34,35$, DF=8, p<.001

²² $\chi^2=35,09$, DF=8, p<.001

Det vart gjennomgående "opplevd meir slitasje enn søppel", i den forstand at skåreverdiane for slitasje låg høgare enn for søppel (sjå figur 7.2, i høve til figur 7.1). Slitasjen vart opplevd sterkest på 'parkeringsplassar' (gjennomsnittsverdi 3,2 - etter same skala som for søppelmengder), og minst 'langs vatn og vassdrag' (gjennomsnitt lik 2,5).


Slitasjen var som forventa blant 57 % av brukarane, medan 24 % sa det var meir slitasje enn forventa.

Bukarane har større toleranse i høve slitasje enn søppel. 23 % vart "mykje" eller "nokså mykje" irritert over slitasjen dei såg, medan 35 % tykte slitasjen irriterte "litt".

Det var større skilnad mellom heimstadgruppene når det gjeld dei ulike spørsmåla om slitasje, enn dei om søppel. Utlandingane opplevde jamt over mindre slitasje enn nordmennene, og også oftare "mindre slitasje enn forventa". Relativt fleire av utlandingane vart også "mindre irriterte" over slitasjen enn nordmennene. Av nordmennene var det dei lokale brukarane som opplevde mest slitasje, og dei vart også mest irriterte over slitasjen dei såg.

TNV-gruppene:


Både opplevinga av mengde slitasje og reaksjonane på denne, er framstilt i figur 7.2. Det var signifikante skilnader mellom gruppene når det galdt opplevd mengde slitasje på alle fire



Figur 7.1

Opplevd mengde og reaksjon på søppel, for dei tre preferansegruppene.

- Perceived amount and reaction to littering for the three preference groups.



Figur 7.2

Opplevd mengde og reaksjon på slitasje, for dei tre preferansegruppene.

- Perceived amount and reaction to soil and vegetation impacts for the three preference groups.

lokalitetstypene. Villmarksgruppa opplevde gjennomgående mest slitasje og Turgruppa minst.

Det var same mønsteret når det gjeld kor mykje slitasje som vart opplevd i forhold det forventa og korleis ein reagerte på det opplevde: Villmarksgruppa såg relativt mest i høve til forventningane dei hadde²³, og reagerte også mest negativt på det dei opplevde²⁴. Turgruppa låg i andre enden av skalaen.

7.3 Standarden på stiane

'Stiane' fekk ein eigen bokl i spørjeskjemaet. Det store fleirtalet (rundt 90 %) var godt nøgde med både talet stiar og standarden på stiane, slik som: ikkje for steinete, passe tørre, tydelege nok og ikkje for mange forgreiningar. Berre 11 % tykte t.d. at stiane var for slitne.

TNV-gruppene:

Når det galdt standarden på stiane tykte relativt flest i Turgruppa at dei var for utdelege²⁵, og lite slitne²⁶. Dei andre variablane om miljøstandard (steinmengde, forgreiningar og gjørme) skilde ikkje gruppene.

7.4 Sosialt

Majoriteten (62 %) tykte dei møtte passeleg mange folk i Stabbursdalen. Resten fordelte seg likt på dei som meinte der var for mykje folk, og dei som meinte der godt kunne vere fleire.

Innpå halvparten (44 %) møtte om lag så mykje folk som dei hadde venta. 34 % møtte færre og 22 % fleire enn venta.

Det var ingen signifikante skilnader i sosiale opplevingar og forventningar etter kvar brukarane kom frå. Men det var svært få utlendingar (8 %) som tykte det var for mykje folk i Stabbursdalen.

TNV-gruppene:

Turgruppa hadde relativt flest av dei som meinte der godt kunne vere (mykje) meir folk, medan Villmarksgruppa hadde flest av dei som tykte der var for mange alt i dag²⁷.

²³ $\chi^2=34,51$, DF=8, p<.001.

²⁴ $\chi^2=32,36$, DF=8, p<.001.

²⁵ $\chi^2=13,33$, DF=4, p<.01

²⁶ $\chi^2=10,02$, DF=4, p<.05

²⁷ $\chi^2=29,45$, DF=10, p<.01

8 Haldningar til forvaltninga

8.1 Auka offentleg engasjement?

Det er eit landsgyldig fenomen at den utoverretta informasjonen om nasjonalparkane er liten - slik også i Stabbursdalen. På litt lenger sikt er det sannsynleg at Naturhuset på Stabbursneset vil auke og betre informasjonen om nasjonalparkane i Finnmark, og kanskje Stabbursdalen spesielt, men Naturhuset vart opna midt i denne feltinnsamlinga og vil i liten grad ha kunna påverka "informasjonstiltandan" blant respondentane i denne undersøkinga.

Det at ein nyleg har hatt ein runde med **forvaltningsplanleggning** har sannsynlegvis "lyft debatten" noko på lokalplanet og i regionen, men i alle fall dei tilreisande vil vere ukjende med dette. På spørsmål om ein kjende til denne planen var det 86 % sa at dei ikkje gjorde det, og 4 % hadde sett eller lese (delar av / heile) planen. Vel 2/3 av dei lokale brukarane hadde ikkje hørt om forvaltningsplanen.

Vi stilte følgjande generelle spørsmål: "Syns du det **offentlige skal engasjere seg sterkere** når det gjelder forvaltningen av nasjonalparken?" Med unntak av ei lita gruppe (15 %) som meinte "nei", var det om lag like mange som svara "ja" og som svara "veit ikkje". Utifrå den norske verne- og forvaltningsdebatten kunne ein kanskje forvente at motstandarane av offentleg engasjement kom frå lokalsamfunnet. Men det var berre 30 % av denne nei-gruppa som kom frå Lakselv, Alta eller Kvalsund, og det var relativt sett like mange utlendingar som var imot. Den store "veit-ikkje"-gruppa er sannsynlegvis eit uttrykk for at mange er svært usikre på kva eit auka offentleg engasjement vil medføre.

TNV-gruppene:

Det var like liten kjennskap til forvaltningsplanen i alle tre gruppene.

På spørsmålet om det offentlege bør engasjere seg sterkare i forvaltninga, skilde gruppene seg²⁸. Men ikkje på den måten at t.d. alle som svara 'nei' samla seg i ei gruppe. Villmarksgruppa hadde færrest tvilarar og flest både i ja- og nei-gruppa. Er dette eit teikn på ei inkonsistent Villmarksgruppe eller er det teikn på at forvaltninga har eit informasjonsproblem?

²⁸ $\chi^2=12,48$, DF=4, p<.05.

8.2 Informasjonen i området

Det var svært delte syn på "dagens informasjon om området og nasjonalparken", med om lag like store grupper (rundt 20 %) som svara både "god", "dårleg" og "veit ikkje". Det klargjer ikkje biletet stort at den største gruppa (35 %) svara "middels". Svarfor-delinga syntet same mønsteret både for dei lokale brukarane, resten av nordmennene, og utlendingane.

Dette svært generelle spørsmålet har på mange måtar lita interesse, men det seier truleg noko om folks vurdering av **sitt eige behov for informasjon**, eller om dei syns det **bør informerast** om Stabbursdalen Nasjonalpark (jf kapittel 8.8 om haldningar til turismeutvikling i Stabbursdalen).

Meir konkret:

Bukarane tykte det var passeleg eller for lite, både av informasjonsskilt og oppsynsfolk i terrenget - sjå **tabell 8.1**. Haldninga til mengda oppsynsfolk var noko avhengig av kvar folk kom ifrå: særleg dei lokale brukarane tykte det var for få oppsynsfolk, og særleg utlendingar og söringar tykte det var passeleg med oppsyn.

I Noreg har forvaltningspersonellet i nasjonalparkane blitt heitande "oppsynsmenn", og den nemninga ('oppsynsfolk') vart også brukt i spøreskjemaet. Dette er eit verdiladd ord og det gjev kanskje like ofte assosiasjonar i retning 'kontroll', som det å drive t.d. informasjon og rettleiing. Dette er nok litt av forklaringa bak den store "veit-ikkje" gruppa (29 %); altså at funksjonen til desse "oppsynsfolka i terrenget" vart rekna som så uklar at det var vanskeleg å vite om ein

ønskte fleire eller færre oppsynsfolk. Denne tolkinga samsvarar med den usikre haldninga til generelt "auka engasjement frå det offentlege", slik det vart presentert i kapittel 8.1.

TNV-gruppene:

Dei tre gruppene skilde seg ikkje i måten dei vurderte informasjonen, slik han er i dag. Det var likevel eit klart skilje mellom gruppene blant dei som sa at "dagens informasjon om området og nasjonalparken er god"; 44 % av desse hørde til Villmarksgruppa.

Haldningane til mengda av eksisterande forvaltingstiltak er framstilt i **figur 8.1**. Gruppene var ulike i korleis dei vurderte mengda med informasjonsskilt²⁹, men ikkje i korleis dei vurderte omfanget av oppsyn ($p=0,495$).

8.3 Ulike fysiske tiltak

Det vart spurta om synet på mengda av følgjande service-tiltak: merkte stiar med vegvisrar, bruer, oppstillingsplassar for bilar, campingvogner, hustelt o.l., samt utplasserte søppeltønner. Som **tabell 8.2** syner var det særleg søppeltønner ein tykte det var for lite av, og det var først og fremst dei nord-norske brukarane som uttrykte dette. Utlendingane og særleg söringane tykte i større grad det var passeleg med søppeltønner. Vurderinga av merkte stiar kjem i kapittel 8.4.

TNV-gruppene:

Dei tiltaka som skilde gruppene var: merkte stiar, oppstillingsplass for bilar, og utplasserte søppeltønner³⁰. Mønsteret var at

Tabell 8.1 Korleis brukarane av Stabbursdalen vurderer omfanget av to informasjonstiltak i området. - Evaluation of users of Stabbursdalen of the magnitude of two information procedures in the area.


| | Alt for lite | For lite | Passe | For mykje | Alt for mykje | Veit ikkje | N |
|-------------------------|--------------|----------|-------|-----------|---------------|------------|-----|
| Informasjonsskilt | 9 | 39 | 39 | 1 | - | 11 | 599 |
| Oppsynsfolk i terrenget | 11 | 21 | 36 | 1 | 1 | 29 | 591 |

²⁹ $\chi^2=33,45$, DF=8, $p<.001$.

³⁰ Merkte stiar ($\chi^2=44,67$, DF=8, $p<.001$); oppstillingsplass for bilar, campingvogner osb. ($\chi^2=17,89$, DF=8, $p<.05$); utplasserte søppeltønner ($\chi^2=37,12$, DF=8, $p<.001$). I **figur 8.1** er gruppa 'veit-ikkje' holden utanfor, men den er med i kji-kvadrat testen. Kategoriane 4 og 5 er slegne ihop i kji-kvadrat testen.

Tabell 8.2 Korleis brukarane av Stabbursdalens vurderer omfanget av ulike service-tiltak i området (Prosentvis fordeling). - Evaluation among the users of Stabbursdalens of the extent of different service efforts in the area (in per cent).

| | Alt for lite | For lite | Passe | For mykje | Alt for mykje | Vei ikkje | N |
|----------------------------------|--------------|----------|-------|-----------|---------------|-----------|-----|
| Merkte stiar med vegvisarar | 9 | 27 | 48 | 2 | 1 | 13 | 599 |
| Bruer | 5 | 24 | 55 | 1 | 0 | 15 | 600 |
| Oppstillingsplass for bilar m.m. | 4 | 15 | 61 | 4 | 1 | 14 | 598 |
| Utlapperte søppeltønner | 17 | 38 | 29 | 1 | 0 | 15 | 605 |



Turgruppa skilde seg ut ved å etterlyse meir av desse tiltaka. Natur- og Villmarksgruppene var svært like, og syntest at omfanget av tiltaka var på eit passeleg nivå eller at det var for få tiltak (figur 8.1).

8.4 Stiar og stimerking

Vi har tidlegare vore inne på stiane både i samband med ferdsel og ruteval, og i samband med slitasje og miljøpåverknad.

Det store fleirtalet (86 %) syntest det var passeleg mange stiar i Stabbursdalen. Resten delte seg nokså likt mellom 'for mange' og 'for få'. Når det gjeld eventuelle ønskje om merking av stiar, så hadde skjemaet med to spørsmål; både i samband med forvaltninga av par-

ken og i bolken om stiane i parken. Dette ville også gje oss ein reliabilitets-test på det uttalte ønsket om stimerking.

Som nemnt i tabell 8.2, sa 36 % at det var for få merkte stiar. Det andre spørsmålet syntet at det også var 36 % som ønskete fleire merkte stiar. Halvparten av brukarane sa at dei ikkje ønskete fleire merkte stiar i Stabbursdalen. Det var i størst grad utlendingane og dei nord-norske brukarane (minus dei frå Porsanger, Alta og Kvalsund) som ønskete meir stimerking.

Krysskoplinga mellom spørsmålet om eventuelle problem med å finne rette vegen / stien, og ønsket om fleire merkte stiar gav klare signifikante og forventa samanhengar; dei som ikkje hadde hatt problem

ville heller ikkje ha merkte stiar, og dei som hadde hatt problem ville ha stimerking³¹.

TNV-gruppene:

Det var Turgruppa som i størst grad tykte det var for få stiar³², og klart ønskte fleire merkte stiar³³. Villmarksgruppa var "motsatsen", og med Naturgruppa nokså lik Villmarksgruppa.

8.5 Haldningar til potensielle forvaltingstiltak

Når det gjeld haldningane til eventuelle nye tiltak, dvs. tiltak som i dag ikkje finst i Stabburdsalen, så vart i større grad heile svarskalet nytt. Det var stort sett det "nøytrale" spelar-inga-rolle-alternativet som fekk færrest kryss (**tabell 8.3**).

Det var flest positive reaksjonar til 'leir- og rasteplassar', men også eit positivt tyngdepunkt for 'overnattingshytter' og 'merkte stiar til det indre av parken'. Brukarane var mest negative til å arrangere guida turar for turistar o.a, og til eit forbod mot det å taka ved til bålbrann i furuskogen.

Utlendingane var dei mest positive til alle dei nemnde forvaltingstiltaka. Det var noko skiftande kven av dei norske gruppane som var mest negative; t.d. så var söringane mest negative til overnattingshytter og til leir- og rasteplassar, medan dei lokale brukarane var mest negative til det å stoppe "vedtekta" i furuskogen og det å arrangere guida turar.

Reaksjonen på forslaget om 'guida turar' er noko overraskande på bakgrunn av liknande undersøkingar andre stader (Aas & Vorkinn 1992). Men noko av den negative haldninga kan truleg forklaraast: 'guida tur' er i spørsmålet kopla med 'turistar', og som kapittel 8.8 vil syne var det svært stor skepsis til å kople nasjonalparken til turisme. Her kan ordet 'turist' ha skuggelagt tiltaket 'guida tur', altså at det kanskje var turistane ein ikkje ville ha, og ikkje den guida turen. Både utlendingar og nordmenn vurderte tiltaket 'guida turar' om lag på same måten.

Det å lage bål var svært viktig for dei fleste brukarane (sjå kapittel 6.6). Eit eventuelt forbod mot å taka ved i furuskogen kan ha blitt tolka som ein trussel mot den "frie" bålbranninga. Her skilde heimstadgruppene seg: utlendingane var klart mest

Tabell 8.3 Haldningar til ulike potensielle forvaltingstiltak. - Attitudes towards different potential management actions.

| Reaksjonar dersom forvaltninga ... : | Svært negativt | Negativt | Spelar inga rolle | Positivt | Svært positivt | N |
|--|----------------|----------|-------------------|----------|----------------|-----|
| .. bygde opne overnattingshytter | 16 | 23 | 15 | 26 | 20 | 614 |
| .. tilrettela leir- og rasteplassar med do, søppeltønner, bål og ved | 14 | 22 | 11 | 31 | 22 | 616 |
| .. la ned forbud mot å taka ved i furuskogen | 15 | 29 | 18 | 23 | 14 | 608 |
| .. merkte nye stiar for å "opne" indre delar av parken | 14 | 23 | 15 | 31 | 16 | 609 |
| .. arr. guida turar for turistar m.fl. | 20 | 23 | 26 | 22 | 10 | 609 |

³¹ $\chi^2=105,60$, DF=4, p<.001.

³² $\chi^2=36,64$, DF=4, p<.001.

³³ $\chi^2=47,65$, DF=4, p<.001.

positive til å forby vedhogst i furuskogen, og det var jo også blant utlendingane at det å lage bål ikkje var så viktig for turtrivselen.


TNV-gruppene:

Alle dei fem foreslalte tiltaka blir opplevd signifikt ulikt i dei tre gruppene; minst var skilnaden mellom gruppene når det gjeld det eventuelle forbodet mot vedhogging (figur 8.2) 34.

Villmarks- og Naturgruppene hadde om lag dei same holdningane til alle tiltaka (nøytrale til negative). Turgruppa var derimot svært springande på skalaen, men langs aksen nøytrale til positive. Turgruppa var særleg positiv til leir- og rastepllassar, til overnatningshytter, og til nye stiar inn i kjernen av parken.

attraktive kulpas. Den mest positive responsen var det på forslaget om å auke oppsynet i elva / fjorden eller elvemunningen. Men det var sjølvsgart variasjonar mellom ulike grupper. T.d. syner figur 8.3 skilnader i holdninga i høve til kvar respondentane kom ifrå. Naturleg nok var folk i frå dei tre kommunane Porsanger, Kvalsund og Alta (kalla 'bygdefolket' i figuren) klart mest positive til å prioritere lokale fiskarar.

Utlendingane skilde seg ut for fleire tiltak: Dei var klart mindre positive til auka oppsyn, men langt meir positive til å setje fangstgrenser pr. døgn, og til ulike elvedredingstiltak. Av dei utlendingane som svara på desse spørsmåla var noko over halvparten finnar.



Figur 8.2

Holdningar til eventuelle nye forvaltingstiltak, blant dei tre preferansegruppene. - Attitudes among the three preference groups towards potential management actions.


8.6 Holdningar til tiltak i lakseforvaltinga

Det vart stilt spørsmål til fiskarane og dei med fiskeinteresse, korleis dei stilte seg til ulike forvaltingstiltak "som kan redusere belastningen både på fiskebestanden og omgivelsene i Stabburselv".


Dei aller fleste av dei foreslalte tiltaka fekk negativ-til-likegylig respons, med 'forhåndsbestilling av fiskekort' og 'prioritering av lokale fiskarar' som dei minst ønskjelege tiltaka. I gjennomsnitt var respondentane svakt positive til det å innføre kortare fisketid i

Ved å jamføre figurane 8.3 og 8.4 ser vi at 'heimstad-gruppane' stort sett var meir ulike i synet på desse forvaltingstiltaka, enn det dei tre preferansegruppene var.

³⁴ Overnatningshytter ($\chi^2=69,55$, DF=8, $p<.001$), leir- og rasteplassar ($\chi^2=110,41$, DF=8, $p<.001$), hogstforbod ($\chi^2=19,40$, DF=8, $p<.05$), nye stiar ($\chi^2=107,66$, DF=8, $p<.001$), guida turar ($\chi^2=58,43$, DF=8, $p<.001$).

**Figur 8.3**

Kva for haldningar har dei ulike heimstadgruppene til ulike tiltak i forvaltninga av fisk og fiske i Stabburselva. - Attitudes among groups of residents towards the management of fish stocks and fishing opportunities in Stabburselva.

**Figur 8.4**

Kva for haldningar har dei ulike preferansegruppene til ulike tiltak i forvaltninga av fisk og fiske i Stabburselva. - Attitudes among the preference groups towards the management of fish stocks and fishing opportunities in Stabburselva.

**Figur 8.5**

Fossekulpen frå sør aust. - Fossekulpen, from southeast.

8.7 Tilkomst og parkering

Det finst ikkje skilt langs E 6 som fortel om nasjonalparken eller om vegar / stiar inn til parken, korkje på Porsangersida eller Kvalsund / Alta-sida.

Likevel svara 75 % at det var greitt å finne vegen inn til dit dei ville starte (fot-)turen. 17 % måtte leite litt, medan 7 % svara "Nei, det var vanskelig å finne frem". Evna til å finne vegen, var avhengig av kvar dei høyrd heime: Dei tilreisande, og særleg utlendingane, hadde større problem med å finne vegen, enn dei lokale brukarane³⁵.

For dei aller fleste (86 %) var plass nok til å få parkert bilen; 10 % sa det var for få parkeringsplassar. Dette svarmønstret gjekk att både for nordmenn og utlendingar. 88 % meinte også at det "ellers var tilfredstillende forhold for parkering".

TNV-gruppene:

Det var flest frå Turgruppa som tykte parkeringsplassane var for små³⁶. Det å finne bilvegen inn til parken, skilde ikkje mellom gruppene.

8.8 Haldningar til turismeutvikling i Stabbursdalen

Det var ein generell skepsis til å kople nasjonalparken mot utvikling av turismen. Det galdt både det å bruke nasjonalparken til å marknadsføre Porsanger og Finnmark som reisemål, og særleg til det å opne Stabbursdalen Nasjonalpark for meir turisme (**tabell 8.4**). Det er verdt å merke seg at desse haldningane er uavhengige av kvar brukarane kom frå. Det var rektig nok relativt fleire utlendingar som var positive til å opne parken for turisme, men skilnaden var ikkje så stor at det gav signifikant skilnad i høve til dei norske gruppene.

TNV-gruppene:

Både spørsmåla skilde mellom gruppene³⁷. Villmarksgruppa var mest negativ og Turgruppa mest positiv til å kople nasjonalparken til turisme. Naturgruppa låg nærmere Villmarksgruppa enn Turgruppa.

Tabell 8.4 Haldningar til det å kople Stabbursdalen Nasjonalpark til utvikling av turisme. - Attitudes towards utilizing Stabbursdalen National Park for developing tourism.

| | Ja | Nei | Veit ikkje | N |
|---|----|-----|---------------|-----|
| Bør Stabbursdalen NP brukast til å marknadsføre Porsanger og Finnmark som reisemål? | 32 | 45 | 23 | 626 |
| Bør Stabbursdalen NP opnast meir for turisme? | 22 | 55 | 23 | 615 |

³⁵ $\chi^2=33,79$, DF=6, $p<.001$

³⁶ $\chi^2=13,91$, DF=4, $p<.01$.

³⁷ Bruke parken til marknadsføring ($\chi^2=31,49$, DF=4, $p<.001$), opne parken for turisme ($\chi^2=47,34$, DF=4, $p<.001$).

9 Stabbursdalen og Finnmark som reisemål

9.1 Stabbursdalen - eit innslag i ein ferietur?

For om lag 2/3 av dei som bur utanfor Porsanger, Alta eller Kvalsund, var opphaldet i Porsanger eit ledd i ein lengre ferietur. Ein knapp tredel hadde berre Stabbursdalen som mål for denne turen.

Dei aller fleste (69 %) hadde bestemt seg for å besøke Stabbursdalen før dei forlet heimstaden. 20 % bestemte seg undervegs, og berre 11 % etter at dei kom til Porsanger. Det var i stort grad folk frå Nord-Noreg som hadde bestemt seg før avreise, men også om lag halvparten av utlendingane. Dei som bestemte seg for Stabbursdalen etter at dei kom til Porsanger, tok oftast ein dagstur til fots (54 %), eller fiska etter laks (35 %). Tre av fire sa at dei ikkje hadde vurdert andre område i staden for Stabbursdalen.

9.2 Finnmark som reisemål - kva var viktig?

Det vart stilt 16 spørsmål til dei som budde utanfor Finnmark, om kor viktig ulike tilhøve var for å få eit vellykka opphold i Finnmark. Desse spørsmåla gjekk både til brukarane av Stabbursdalen og til bilturistane på E 6 (figur 9.2). Til dei utanlandske bilturistane (utanom Skandinavia) erstatta vi 'Finnmark' med 'Nord-Noreg', for slepe misforståing om kva for landsdel/område vi snakka om.

9.2.1 Brukarane av Stabbursdalen

Dei tema som skilde seg ut som spesielt viktige (gjennomsnitt på 3,5 eller høgare³⁸) var:

- rein og lite forureina natur (3,9),
- oppleve villmark (3,8),
- turar til fots i naturen (3,7),
- oppleve nord-norsk natur (3,7),
- høva for fiske (3,5),
- oppleve noko nytt (3,5),

³⁸ Svaralternativa var: 1 Inga tyding, 2 Lita tyding, 3 Middels tyding, 4 Stor tyding og 5 Veit ikkje. Alternativ 5 er halde utanfor ved utrekning av gjennomsnittet. Det var berre rundt 1 % som svara "veit ikkje" på dei ulike spørsmåla.

Det som skilde seg ut som spesielt lite viktig (gjennomsnitt mindre enn 2,5) var:

- natteliv og underhaldning (1,5)
- aktivitetstilbod for barna (1,6)
- shopping (1,7),
- oppleve Nordkapp (1,9),
- samisk kultur (2,4)
- andre kulturelle opplevingar (2,4)

Sett i høve til kvar brukarane kom ifrå, så skilde t.d. utlendingane seg ut ved at fleire sa at samisk kultur, det å oppleve Nordkapp og det å oppleve midnattssola var viktig. Utlendingane var meir polariserte enn nordmennene når det galdt høva for fisking: enten var det svært viktig eller så hadde det inga tyding. Utlendingane hadde små eller ingen forventingar knytt til natteliv og underhaldning eller til å eta god mat.

Søringane skilde seg i liten grad frå dei frå Nord-Noreg, med visse unntak: Det var viktigare for søringane med samisk kultur, andre kulturelle opplevingar, midnattssola, og det å oppleve nord-norsk natur.

Det var stort sett liten variasjon mellom TNV-gruppene (sjå figur 9.1), men skilnadene var likevel signifikante når det galdt:

- høva for fiske (mindre tyding for Naturgruppa), - turar til fots i naturen (mindre viktig for Turgruppa),
- shopping (noko viktigare for Turgruppa),
- oppleve villmark (svært viktig for Villmarksgruppa)³⁹.

9.2.2 Fritidsbilistane langs E 6

Det var dels store skilnader mellom fritidsbilistane og brukarane av Stabbursdalen når det gjeld kva som var viktig for å gje dei eit vellykka Finmarksopphold⁴⁰. For bilistane vart det følgjande rekna som spesielt viktig (gjennomsnitt over 3,5):

- Rein og lite forureina natur (3,9)
- Oppleve nord-norsk natur (3,8)
- Bra ver (3,6)
- Oppleve midnattssola (3,6)
- Oppleve noko nytt (3,6)
- Oppleve villmark (3,6).

³⁹ Høva for fiske: $\chi^2=23,62$, DF=6, p<.001.

Turar til fots i naturen: $\chi^2=19,90$, DF=4, p<.001

Shopping: $\chi^2=20,19$, DF=4, p<.001

Oppleve villmark: $\chi^2=18,17$, DF=4, p<.01.

⁴⁰ Tre fjerdedeler av fritidsbilistane var utlendingar; sjå meir om samansetjinga av denne gruppa i neste kapittel.

Berre fire tema vart rekna som **spesielt lite viktige** (gjennomsnitt mindre enn 2,5), nemleg:

- Natteliv og underhaldning (1,6).
- Aktivitetar for barna (1,9)
- Høva for å fiske (2,3)
- Shopping (2,4).

Ved å samanlikne dei to sampla (figur 9.2) ser ein fire tema som skil dei spesielt frå kvarandre.


Det var langt viktigare for brukarane av Stabbursdalen generelt, å:

- ha gode høve for fiske
- gå fotturar i naturen.

Det var langt viktigare for fritidsbilistane generelt, å:


- oppleve midnattssola
- oppleve Nordkapp.

Både gruppene var altså svært opptekne av naturoppleving, men bilistane generelt klarte seg tydelegvis med ei meir "passiv", visuell oppleving. Legg merke til at det å oppleve nord-norsk natur, det at naturen ikkje er forureina, og det å oppleve villmark, var om lag like viktig for både gruppene. Men det er ikkje det same som at gruppene legg likt innhald i desse ønskja om oppleving.



Figur 9.1

Kva var viktig for at turen til Finnmark skulle bli vellykka? Brukarane av Stabbursdalen, fordelt på dei tre preferansegruppene. - What was important in order for the trip to Finnmark to be successful? The users of Stabbursdalen distributed across the three preference groups.



Figur 9.2

Kva var viktig for at turen til Finnmark skulle bli vellykka? Fritidsbilistane på E 6, samanlikna med brukarane av Stabbursdalen. - What was important in order for the trip to Finnmark to be successful? The leisure drivers along the E 6, compared to the users of Stabbursdalen.

10 Fritidsbilistane

10.1 Potensiell bruk blandt fritidsbilistane på E 6

Stabburdsalen nasjonalpark ligg altså like ved E 6, og det er mogleg å køyre bil mest til grensa av nasjonalparken. Vegen er ikkje skilta, og det er heller ikkje andre skilt langs vegen som gjer den forbipasserande merksam på nasjonalparken. E 6 forbi Stabburdsalen har stor gjennomfartstrafikk. For dei som vitjar Nordkapp, er vegen forbi Stabburdsalen til Lakselv, vidare til Karasjok og Kautokeino, Finland og Sverige, eit av rutealternativa. I ei undersøking gjennomført blant dei tilreisande bilistane til Finnmark sommaren 1987 (Viken & Slettvold 1988), blir det hevd at 55 prosent av fritidsbilistane busette utanfor fylket reiser via Lakselv. No var svarprosenten på denne undersøkinga berre på 30%, og det er difor uvisst kor representative resultatet er. Undersøkinga tyder likevel på at ein stor del av fritidsbilistane i fylket kører gjennom Porsanger.

Av dei fritidsbilistane vi intervjuja, hadde halvparten ikkje hørt om Stabburdsalen tidlegare. Det er mogleg at langt fleire ville ha besøkt Stabburdsalen dersom dei hadde visst av området. Om talet besøkjande hadde auka med betre informasjon, er uråd å seie sikkert. Ved å sjå nærmere på kven fritidsbilistane er, kva dei ynskjer å oppleve og kva dei gjer på turen, har vi likevel eit langt betre grunnlag for å spå om framtida enn utan denne informasjonen.

10.2 Kjenneteikn ved fritidsbilistane

10.2.1 Heimstad og type tur


Blant dei fritidsbilistane vi intervjuja, var om lag tre fjerdedeler utlendingar. Finnane var den dominante gruppa, og utgjorde heile 37 prosent av fritidsbilistane (figur 10.1).

Resultata syner same tendensen som undersøkinga blandt dei tilreisande fritidsbilistane til Finnmark i 1987 (Viken & Slettvold 1988). Også i denne undersøkinga var det finnane som dominererte, og med nordmenn busette utanfor Finnmark som den nest viktigaste gruppa.

Dei fleste fritidsbilistane er på gjennomreise i Porsanger. Av dei som var busette utanfor Porsanger (99% av fritidsbilistane) var 63% på gjennomreise. Det var likevel mange som overnatta i kommunen - 35 % av dei vi intervjuja hadde eller skulle overnatte i Porsanger. Ei fullstendig oversikt over typen av reise er synt i tabell 10.1.

Det var flest på gjennomreise i Porsanger (dvs. som ikkje overnatta i kommunen) blant utlendingar busette utanfor Norden, samt blant finnar. Om lag 70% av desse var på gjennomreise, mot 57% av svenskane og 61% av danskane.

Det gjennomsnittlege reisefølget var på 2.8 personar, mot 3.1 personar i 1987-undersøkinga. (Viken & Slettvold 1988). I halvparten av reisefølgja var det to personar, og 35% tre eller fire personar.



Figur 10.1 Prosent av män (med Heimstaden til fritidsbilistane på E 6 gjennom Porsanger (N=699).
- Places of residence for the leisure drivers along E6 through Porsanger (N=699).

Tabell 10.1 Type tur blant fritidsbilistane i Porsanger. - Type of trip among leisure drivers in Porsanger.

| Type tur ¹ | Del |
|--|-------------|
| Busette utanfor Porsanger: | |
| Dagstur frå fast/mellombels bustad | 1.9% |
| Gjennomreise i Porsanger | 61.8% |
| Overnatta 1 natt i Porsanger | 16.6% |
| Overnatta fleire netter i Porsanger | 12.0% |
| Overnatta i Porsanger, talet netter ikkje oppgjeve | 6.3% |
| Busette i Porsanger | |
| Dagstur | 0.4% |
| Fleirdagarstur | 1.0% |
| I ALT | 100% |
| N= | 699 |

¹ Vi har her valt ei klassifisering bygd på kor lenge heile turen varte, kor lenge dei var i Porsanger, og kvar dei kom ifrå.
Det er gjort nærmere greie for denne inndelinga i Vorkinn (1992).

10.3 Kjennskap til og besøk i Stabbursdalen

Spørsmålet om kjennskap til og besøk i Stabbursdalen var forma slik at det berre var svarrubrikkar for "kjende til" eller "hadde besøkt / skulle besøkje Stabbursdalen". For å skilje mellom dei som ikkje kjende til området og dei som berre hadde hoppa over dette spørsmålet, gjekk vi gjennom alle skjema manuelt. Dersom det føregåande og det etterfølgjande spørsmålet var utfylt, har vi gått ut frå at fritidsbilistane ikkje kjenner til Stabbursdalen. For 35 fritidsbilistar var berre første sida og opplysningar intervjuarane kunne observera (som tal personar i bilen) fylte ut. Desse er kutta ut for spørsmåla om kjennskap til og besøk i Stabbursdalen.

Om lag halvparten (51%) av fritidsbilistane kjende ikkje til Stabbursdalen. Det var relativt flest danskar og svenskar blant dei som ikkje kjende til Stabbursdalen. Over to tredjedelar av

danskane (N=31) og endå fleire av svenskane (N=62) kjende ikkje til Stabbursdalen (**Tabell 10.2**).

14 prosent av dei spurde skulle besøkje Stabbursdalen i løpet av den turen dei vart intervjua. Som nemnt i avsnitt 3.6.2 er desse ikkje representative for bruken av Stabbursdalen heile sommaren sett under eitt, for dei som bur i Porsanger, eller dei som er på fleire turar i området i løpet av sommaren. Det var flest som skulle besøkje Stabbursdalen blant dei gruppene som høyrer heim lengst vekk frå Stabbursdalen. Blant utlendingar busette utanfor Norden var det såleis ein fjerdedel som vitja Stabbursdalen medan dei var i Porsanger.

Av dei som vitjar Stabbursdalen er **dei fleste på dagsbesøk (84%)**, med ei gjennomsnittleg oppholdstid på vel tre timer. (N=40). 63% av desse oppheldt seg i Stabbursdalen tre timer eller mindre.

Er det så noko i materialet som tyder på at dei som ikkje kjende til Stabbursdalen ville ha gjort det viss dei hadde fått informasjon om området? Som nemnt tidlegare er det ikkje mogeleg å gje noko direkte svar på dette, men at ønske om opplevingar i Finnmark / Nord-Noreg og åtferd i same området kan gje ein viss peikepinn.

10.4.2 Attraksjonar i Finnmark / Nord-Noreg

I det norske spørreskjemaet galdt spørsmålet om attraksjonar Finnmark, medan dei framandspråklege spørreskjema galdt heile Nord-Noreg. Dette vart gjort fordi vi frå tidlegare undersøkingar har erfart at mange utlendingar har vanskeleg for å skilje ulike geografiske område frå kvarandre.

Tabell 10.2 Kjennskap til og besök i Stabbursdalen, sett i forhold til heimstad.- Knowledge of, and visits to Stabbursdalen, according to place of residence.

| | Finnmark | Nord-Noreg elles | Noreg elles | Sverige | Finland | Danmark | Tyskland | Utanlandet elles | I alt |
|---|----------|------------------|-------------|---------|---------|---------|----------|------------------|-------|
| Besøkte Stabbursdalen på den turen dei vart intervjua | 11% | 8% | 8% | 3% | 16% | - | 26% | 25% | 14% |
| Hadde besøkt Stabbursdalen tidlegare | 40% | 16% | 7% | 2% | 5% | - | 3% | 1% | 7% |
| Hadde hørt om Stabbursdalen | 49% | 51% | 39% | 10% | 24% | 29% | 28% | 24% | 28% |
| Kjende ikkje til Stabbursdalen | - | 24% | 46% | 86% | 55% | | 71% | 43% | 51% |
| I alt | 100% | 99% | 100% | 101% | 100% | 100% | 100% | 100% | 100% |
| N= | 35 | 37 | 96 | 62 | 242 | 31 | 90 | 72 | 666 |

10.4 Skil dei som ikkje kjenner til Stabbursdalen seg frå dei som kjenner til området?

10.4.1 Oppholdstid i Porsanger

Blant dei som ikkje kjenner til Stabbursdalen er det fleire som er på gjennomreise, og færre som overnattar enn blant dei som kjenner til Stabbursdalen. 66 prosent er på gjennomreise, mot 46-62 prosent i dei andre gruppene. Dei som ikkje kjender til Stabbursdalen, oppheld seg dessutan berre halvparten så lenge i kommunen, samanlikna med gjennomsnittet (tabell 10.3).

Det var flest på rundreise i Nord-Noreg blant dei som ikkje kjenner til Stabbursdalen. Berre 3 prosent skulle bu fast på ein stad, mot 8-25 prosent i dei andre gruppene⁴¹.

Nesten to tredjedeler hadde planlagt reiseruta i Finnmark / Nord-Noreg heilt eller delvis før dei starta frå heime. Det var her ingen signifikant skilnad mellom dei som ikkje kjender til Stabbursdalen og dei andre gruppene. Det var nærliggande å mange som hadde bestemt seg for å besøke bestemte stader enn som hadde bestemt seg for å utøve bestemte aktivitetar i Finnmark / Nord-Noreg før dei reiste heimanfrå. (56 og 29 prosent). Det var ingen signifikant samanheng mellom kjennskapen til / besøk i Stabbursdalen og planlegging av besøk på ulike stader. Det var derimot signifikant færre som hadde planlagt å utøve ulike aktivitetar i Finnmark / Nord-Noreg blant dei som ikkje hadde kjennskap til Stabbursdalen og dei andre gruppene. (25 prosent mot 30-46 prosent i dei andre gruppene).

Fritidsbilistane nemnde 80 ulike reisemål som var bestemte før turen starta. Av desse var Nordkapp den staden flest hadde

⁴¹ $\chi^2=29.91$, D.F.=3, p<0,05

Tabell 10.3 Kor mange som overnatta i Porsanger, og gjennomsnittleg tal overnattingar i høve til besøk tilkjennskap til Stabbursdalen (Busette i Porsanger er ikkje rekna med). - The numbers who stayed overnight in Porsanger, and mean numbers according to visits in Stabbursdalen and knowledge of area (Residents of Porsanger are not included).

| | Besøkte Stabbursdalen på den turen dei vart intervjua | Hadde besøkt Stabbursdalen tidlegare | Hadde hørt om Stabbursdalen | Kjende ikkje til Stabbursdalen | I alt |
|---|---|--|--------------------------------|-----------------------------------|-------|
| Kor stor del som overnatta i Porsanger ¹ | 40% | 50% | 36% | 34% | 36% |
| Gj.sn. tal overnattingar, dei som overnatta ² | 4.9 | 4.3 ³ | 2.3 | 1.5 | 2.9 |

¹ Pga. for mange celler med forventa frekvens mindre enn 5, har vi ikke fått testa om det er signifikante forskjellar mellom dei ulike gruppene

² Einvegs ANOVA: F=8.366, DF=3, p<.05

³ Eitt svar på 90 netter er kutta ut frå gjennomsnittsutrekningane, fordi dette svaret drog opp gjennomsnittet urimeleg høgt

planlagt å besøke før dei starta heimafrå, og aller flest var det i den gruppa som ikkje kjenner til Stabbursdalen (**tabell 10.4**).

Talet aktivitetar folk hadde planlagt å utøve i Nord-Noreg/Finnmark var langt færre enn talet reisemål. Fritidsbilistane nemnde i alt 28 ulike aktivitetar - frå festing til gullvasking. Før dei reiste heimanfrå var det berre to av aktivitetane, fiske og turar til fots, som fleire enn 5 prosent hadde planlagt å utøve i Finnmark / Nord-Noreg. Det var flest som hadde planlagt desse aktivitetane blant dei som skulle besøke Stabbursdalen på denne turen eller som hadde besøkt Stabbursdalen tidlegare (**tabell 10.5**).

Vi kartla i undersøkinga kva tyding ei rekke faktorar hadde for at opphaldet i Finnmark/Nord-Noreg skulle bli vellukka. Berre to av desse faktorane gav signifikant skilnad mellom dei som kjenner til Stabbursdalen og dei som ikkje kjender til området⁴². Også her var det turar til fots i naturen og høva for fiske som var utslagsgjevande (**tabell 10.6**).

10.4.3 Friluftslivsinteresse - generelt og for turen i Nord-Noreg / Finnmark

Også spørsmåla om det å drive friluftsliv på turen er knytt til Finnmark for dei norske og nordiske fritidsbilistane, og til Nord-Noreg for dei andre utlendingane.

Den generelle friluftslivsinteressa vart målt ved spørsmål om den lengste fotturen i naturen dei intervjua hadde teke siste året, og kor ofte friluftslivaktivitetar var utslagsgjevande for val av reisemål i ferien.

Når det gjeld den gjennomsnittleg lengste fotturen siste året, er det ikkje signifikante skilnader mellom gruppene. Skil ein berre mellom dei som har vore lite aktive (ikkje gått nokon tur, eller tur under 1 km) og dei som har vore meir aktive, er det likevel signifikante skilnader mellom gruppene. Blant dei som ikkje tidlegare eller no skal besøke Stabbursdalen, er det færre 'lite aktive' enn blant resten av fritidsbilistane (6 mot 17%).

Høvet til å drive friluftsliv har verka inn på val av reisemål i enkelte feriar for om lag to tredjedelar (65%), men berre 5 prosent let slike høve vere avgjerande for reisemålet i kvar ferie. Det var her ingen signifikant skilnad mellom dei ulike gruppene.

⁴² Høve til fiske: $\chi^2=32.02$, D.F.=6, p<0.05

Turar til fots i naturen: $\chi^2=27.54$, D.F.=6, p<0.05

Tabell 10.4 Stader i Finnmark / Nord-Noreg fritidsbilistane hadde planlagt å besøkje før dei reiste heimafrå. (Berre stader som minst 5 prosent i ei av gruppene hadde planlagt å besøkje, er tatt med).- *Places in Finnmark / Northern Norway the leisure drivers had planned to visit before they left their place of residence. (Only places where at least 5 per cent had planned to visit are included).*

| | Besøkte Stabbursdalen på den turen dei vart intervjua | Hadde besøkt Stabbursdalen tidlegare | Hadde hørt om Stabbursdalen | Kjende ikkje til Stabburs- dalens |
|------------|--|--|-----------------------------------|---|
| Nordkapp | 27.5% | 14.5% | 36.2% | 45.9% |
| Karasjok | 1.3% | 3.9% | 9.7% | 2.6% |
| Kautokeino | 2.6% | 4.8% | 9.2% | 3.5% |
| Lakselv | 3.9% | 9.7% | 4.5% | 2.2% |
| Alta | 5.3% | 12.1% | 9.7% | 5.8% |
| Kirkenes | 2.6% | 4.8% | 10.3% | 7.4% |
| Vadsø | - | 2.4% | 5.7% | 3.5% |
| Hammerfest | 10.5% | 9.7% | 9.7% | 0.6% |
| Narvik | 7.9% | - | 1.2% | 2.2% |
| N= | 94 | 43 | 186 | 331 |

Tabell 10.5 Aktivitetar som fritidsbilistane, før dei reiste heimafrå, hadde planlagt å utøve i Finnmark / Nord-Noreg. (Berre aktivitetar som minst 5 prosent i ei av gruppene hadde planlagt å utøve, er tatt med).- *Activities the leisure drivers had planned to carry out in Finnmark / Northern Norway, before they left their place of residence. (Only activities planned by at least 5 per cent are included).*

| | Besøkte Stabbursdalen på den turen dei vart intervjua | Hadde besøkt Stabbursdalen tidlegare | Hadde hørt om Stabbursdalen | Kjende ikkje til Stabburs- dalens |
|-----------------|--|--|-----------------------------------|---|
| Fiske | 27% | 32% | 14% | 11% |
| Gå tur til fots | 8% | 9% | 6% | 3% |
| N= | 95 | 44 | 186 | 330 |

Tabell 10.6 Kor mange som meinte at høvet til fiske og turar til fots i naturen hadde stor tyding for at opphaldet i Finnmark/Nord-Noreg skulle bli vellukka.- How many said that the ability to go fishing or go hiking in nature was of great importance for their visit in Finnmark/ Northern Norway.

| | Besøkte Stabbursdalen på den turen dei vart intervjuet/hadde besøkt Stabbursdalen tidlegare ¹ | Hadde hørt om Stabbursdalen | Kjende ikkje til Stabbursdalen |
|--------------------------|--|-----------------------------|--------------------------------|
| Høve til fiske | 53% | 25% | 21% |
| Turar til fots i naturen | 46% | 28% | 20% |
| N= | 88/93 | 142 | 246/249 |

¹ Desse to gruppene vart slegne saman for å ikkje få for mange celler med forventa frekvens < 5, ved køyring av kji-kvadrat test

Det var det derimot for planane om å utøve friluftsliv i Finnmark/Nord-Noreg i løpet av denne turen. Nær halvparten (48%) av dei som ikkje hadde hørt om Stabbursdalen skulle utøve friluftsliv, mot 52-76 prosent i dei andre gruppene⁴³ (tabell 10.7). Den aktiviteten flest skulle utøve var turar til fots, med fiske som den nest viktigaste aktiviteten. Av dei som gjekk tur til fots i Finnmark, var den gjennomsnittlige turen signifikant kortare blant dei som ikkje kjende til Stabbursdalen (6,9 km mot 8,5-13,2 i dei andre gruppane)⁴⁴.

Samanliknar ein friluftslivsaktiviteten til dei tilreisande til fylket med undersøkinga til Viken og Slettvold (1988), er det samsvar i kor mange som har gått tur til fots (44 / 45%), men talet på dei som fiska i vår undersøking er berre om lag halvparten av det Viken og Slettvold fann (24 mot 45%). Dette kan ha fleire årsaker. For det første er ikkje undersøkjingsområdet identisk, slik at fritidsbilistar i andre delar av Finnmark kan vere meir friluftslivsinteresserte enn dei som passerer Porsanger. Men dette verkar ikkje utan vidare truverdig. Ein annan årsak kan vere den låge svarprosenten Viken og Slettvold hadde i si undersøking (30%). Det er mogleg at det i denne undersøkinga var den mest aktive delen av bilistane som svara.

I ei undersøking blant innbyggjarane i Lillehammer kommune, fann ein at dei som ikkje hadde svara på det tilsende spørjeskjemaet etter ei purring, generelt nyttja seg noko mindre av dei ulike aktivitetstilboda⁴⁵ i kommunen, enn dei som svara på spørjeskj-

maet. (Vorkinn 1989). At talet på dei som har teke ein tur til fots er den same i dei to undersøkingane, kan skuldast måten spørsmåla er formulerte på. Viken og Slettvold spurde om folk hadde gått fottur, medan vi spurde etter både turar til fots utanom veg og turar til fots langs veg. Det er mogeleg at turar til fots langs veg ikkje blir oppfatta som å "gå fottur", og at resultata våre også om turar til fots reelt sett er lågare enn det Viken og Slettvold fann. Andre mogelege forklaringar på desse forskjellane, kan vere at undersøkingane vart gjennomførte på ulike tider av sommaren og i ulike år.

10.4.4 Besøk på Stabbursnes Naturhus

Stabbursnes Naturhus og museum vart opna midt under intervju-perioden. Spørsmåla om besøk på Naturhuset vart difor berre stilt til dei fritidsbilistane som vart intervjuet etter opninga av museet.

Ein stor del (41%) av fritidsbilistane hadde ikkje lagt merke til Naturhuset då dei køyrde forbi. Ein årsak til dette kan sjølv sagt vere at Naturhuset nettopp hadde opna, og at skiltinga framleis var mangelfull. Av dei som la merke til Naturhuset, var det 14 prosent som vitja det. I tillegg var det 5% som hadde vitja det tidlegare, eller skulle vitja det seinare i løpet av sommaren. Det var signifikant flest blant dei som skulle vitja Stabbursdalen på denne turen eller som hadde vitja området tidlegare⁴⁶. Eit gjennomsnitt på 25% i dei to førstnemnde gruppene vitja Naturhuset, mot 10-11% i dei to andre gruppene.

⁴³ $\chi^2=27.80$, D.F.=3, p<0.05

⁴⁴ Einvegs ANOVA: F=3.24, D.F.=3, p<0.05

⁴⁵ Bruk av friluftsområde, idretts-/mosjonsanlegg og andre kulturtildel i kommunen.

⁴⁶ $\chi^2=7.32$, D.F.=2, p<0.05

Tabell 10.7 Kor mange som hadde utøvd eller hadde planar om å utøve ulike friluftslivsaktivitetar i Finnmark/Nord-Noreg. - The numbers who carried out or had plans to participate in different recreational activities in Finnmark/Northern Norway.

| | Besøkte Stabbursdalen på den turen dei vart intervjua | Hadde besøkt Stabbursdalen tidlegare | Hadde hørt om Stabbursdalen | Kjende ikkje til Stabbursdalen |
|---------------------|---|--------------------------------------|-----------------------------|--------------------------------|
| Tur til fots | 67% | 52% | 38% | 44% |
| (langs veg) | (29%) | (23%) | (22%) | (20%) |
| (utanom veg) | (50%) | (36%) | (24%) | (23%) |
| Fiske | 38% | 43% | 23% | 19% |
| (I sjøen) | (25%) | (25%) | (16%) | (13%) |
| (Laksefiske) | (17%) | (11%) | (10%) | (9%) |
| (I ferskvatn elles) | (19%) | (5%) | (9%) | (6%) |
| Andre aktivitetar | 6% | 5% | 3% | 5% |
| I alt | 76% | 68% | 52% | 48% |
| N = | 95 | 44 | 186 | 325 |

34% av fritidsbilistane kunne tenkt seg å vere med på **ein guida tur** i naturen rundt informasjonssenteret. No kan ikkje svara på eit slikt uforpliktande spørsmål tolkast slik at så mange ville ha vore med på turane dersom det hadde eksistert eit slikt tilbod, men den seier truleg noko om den generelle interessa for guida turar. Her var det den gruppa som ikkje hadde hørt om Stabbursdalen som var mest interessert i å vere med på ein guida tur. (43% samanlikna med 23-33 prosent i dei andre gruppene)⁴⁷. Ein skulle kanskje forventa at det var dei andre gruppene som var mest interesserte i ein guida tur sidan dei er meir friluftslivsinteresserte, men det viste seg ikkje å vere nokon signifikant samanheng mellom den uttrykte interessa for å vere med på guida turar i naturen rundt informasjonssenteret og planlagt friluftslivsutøving i Finnmark / Nord-Noreg. Heller ikkje i høve til lengda på lengste fotturen i naturen siste år, fann vi nokon signifikant forskjell i interessa for deltaking på ein guida tur. Eit unntak er her dei minst aktive utøvarane (dei som ikkje hadde teke nokon tur i det heile siste år, eller ein tur på under 1 km). Berre halvparten så mange i denne gruppa var interesserte i ein guida fottur, mot 38 prosent i dei andre gruppene (19 og 39%).⁴⁸

⁴⁷ $\chi^2=14.01$, D.F.=3, p<0.05

⁴⁸ $\chi^2=5.08$, D.F.=1, p<0.05

11 Kva så? - Om brukarane og forvaltninga

11.1 Korleis opplever brukarane Stabbursdalen og forvaltninga?

Over halvparten av dei vi har intervjua hadde vore i Stabbursdalen før, og dei fleste av desse hadde også vore der mange gonger før (tabell 5.4). Dette gjev i seg sjølv informasjon om trivsel, og om ei intim kopling mellom område og person. Folk som driv friluftsliv, er personar som stort sett driv med sjølvvalde handlingar, i eit sjølvvalt område, til sjølvvalt tidspunkt, i si eiga fritid. Når dei attpå til vel det same området gong på gong, så er det eit uttrykk for trivsel og tilknyting. Då er det ikkje særleg overraskande at t.d. dei fleste er **nøgde med den mengda av forvaltingstiltak som finst i dag**. Ei liknande undersøking i Femundsmarka Nasjonalpark gav om lag same konklusjonen (Vistad under utarb.). 'Fysiske forvaltingstiltak' blir i folkeleg språk gjerne kalla 'tilrettelegging' og blir ofte opplevd av brukarane som service-tiltak. Når så folk seier at det er 'passe' mengde av ulike tiltak, så uttrykkjer dei kanskje at dei ikkje vil ha eit høgare service-nivå i området.

Men dette gjev ikkje eit fullstendig bilet av tilstanden. Nokså mange etterlyste meir av enkelte tiltak. Det var særleg mange som ville ha fleire søppeltønner, ikkje minst blant dei lokale og nord-norske brukarane, og blant dei med mest erfaring frå Stabbursdalen. Dette kan ein truleg kople til korleis brukarane opplevde **miljøtilstanden** i området. Dei med flest turar bak seg i Stabbursdalen opplevde nemleg mest søppel og slitasje, og vart mest irriterte over det dei opplevde. Og mange av dei tykte også at det var for mykje folk i dalen.

Kvifor er det bygdefolk og ikkje t.d. utlendingane som opplever mest **søppel og slitasje** og som blir mest irriterte over det dei opplever. Dette kan ha samanheng med nettopp den tidlegare kjennskapen frå området: det å ha følgt utviklinga gjennom lengre tid - og kanskje irritert seg over stadig "forverring" av tilstanden, slik dei ser det.

Dei som ser mest alvorleg på søppelproblemet er langt på veg dei same som dei som etterlyser fleire søppeltønner. Ein kan truleg tolke det slik at dei som etterlyser **søppeltønner**, ser tønne som ein måte å løyse søppelproblemet på. Men ein kan ikkje tolke omvendt: Det at somme ikkje ønskjer / kjenner behov for fleire søppeltønner treng ikkje tyde på at desse er likegyldige eller manglar forståing for forsoplingsproblemet. I samband med nettopp nasjonalpark-forvaltning (Vistad under utarb.) har det lenge vore ein diskusjon om korleis ein skal takle dette problemet. Er det å plassere ut søppeltønner ei god løysing, eller vil det gje brukarane "dårlege vanar" ved at dei lærer seg at ein kan bli kvitt søpla undervegs? Logikken er at slike "vanar" vil undergrave den gode "friluftslivsmoralen", nemleg at folk bør taka med seg søpla heim att når dei er på tur.

Eit anna spørsmål ein sit att med er dette: Dei som ønskjer fleire søppeltønner, kven ønskjer dei desse for? Er det for sitt eige behov, eller er det for at "dei andre" skal forsøpe mindre ved å bruke søppeltønnene?

Dette med at "det er dei andre som lagar problem" kan kanskje også vere eit tolkingsgrunnlag når det gjeld ønsket om fleire **'oppsynsfolk'**. Det var dei lokale brukarane som i størst grad etterlyste meir oppsynsfolk. Det galdt både generelt for Stabbursdalen og når det gjeld oppsyn i samband med laksefiske. Ut frå vårt materiale er det vanskeleg å tolke kva folk har meint når dei seier det er for få oppsynsfolk. Noko av problemet ligg truleg i sjølv omgrepet 'oppsyn'. Det at ein t.d. **ikkje** er tilhengar av meir oppsyn, treng ikkje tyde på at ein er meir "kriminell", eller uvitande, eller har ufine formål med turen. Det å drive friluftsliv er nesten pr. definisjon "eit liv utan tvang og kontroll". Og ein oppsynsmann kan, iallfall i prinsippet, bli oppfatta



Figur 11.1
Søppeldunk ved Fossekulpen. - Dustbin at Fossekulpen.

som ein dempar på fridomsopplevinga i friluftslivet.

Dette fridomsfenomenet er truleg like viktig for lokale brukarar og nordlendingar, men det kan kanskje gje seg ulike utslag. Det er truleg slike fridomsverdiar som slår ut når nettopp folk frå Nord-Noreg verdset **bålet** svært høgt. Det er forbode å lage bål i sommarhalvåret, men svært mange av nordlendingane seier at "ein tur utan bål er nesten utenkjegleg". Det er truleg også viktig fritt å velje tid og stad for bålet⁴⁹. Og dette er kanskje bakgrun-

⁴⁹ Denne spørjeundersøkinga gjev ikkje noko grunnlag for ein slik påstand, men når ein ser kor tett det kan ligge gamle bålplassar, t.d. ved Fossekulpen, så gjev det grunnlag for ei slik vurdering.

nen for at nettopp dei lokale brukarane i relativt stor grad mislikar forslaget om å 'forby det å taka ved til bålet i furuskogen'. Det botnar sannsynlegvis ikkje i at ein er likegyldig til framtida for furuskogen.

Eit av tiltaka vi har spurt om gjekk på behovet / ønskja om å få **fleire merkte stiar**. Her kom det logisk nok, fram ein klar samanheng: Dei som hadde hatt problem med å "finne fram" i Stabbursdalen, ønskte seg også fleire merkte stiar. Det å merke stiar er eit tiltak som klart imøtekjem dei som ikkje kjenner området frå før. Erfaring frå andre område (t.d. Vistad under utarb., Vistad i manus) syner at merkte stiar også er effektive til å kanalisere ferdsla. Stimerking vil sannsynlegvis gje ein meir strukturert bruk av området, og også redusere den spreidde slitasjen⁵⁰. Slik sett kan stimerking vere eit viktig hjelpemiddel også for dei som ikkje sjølv har behov for denne merkinga, men som kanskje heller vil velje si eiga rute, t.d. for å gå meir "i fred". Desse vil då møte mindre folk utanom dei merkte stiane og etter kvart kanskje også mindre slitasje "overalt" i terrenget. Og i eit skogkledd og / eller småkupert lende skal ein ikkje langt vekk frå ein merkt sti før ein er borte frå "trafikken".

11.2 Haldningar til nye forvaltingstiltak og til den framtidige bruken

Vi innleide førre avsnittet med å seie at dei som har lang og trufast bruk av eit friluftsområde ofta er fornøgde med det forvaltnings- eller tilretteleggingsnivået dette området har. Ein kan starte med eit bortimot omvendt perspektiv når ein spør den same gruppa kva dei synest om eventuelle nye, hypotetiske tiltak: dei vil uttrykkje skepsis, fordi det vil lage endring i noko som er bra slik det er! Det passar såleis godt inn i dette resonnementet at det i Stabbursdalen var nettopp utlendingane, altså dei som i minst grad hadde vore i Stabbursdalen før, som var mest positive til dei nye tiltaka.

Det vart stilt eit generelt spørsmål om folk tykte **forvaltinga skulle engasjere seg sterkare** i området. Den kanskje viktigaste informasjonen frå dette spørsmålet, ligg i den store spriken i svara med ei uvanleg stor "veit ikkje" - gruppe. Dette, kombinert med at svært mange av dei lokale brukarane ikkje hadde hørt om den nye forvalningsplanen, bør vere ei påminning til forvaltinga om at **der er eit informasjonsbehov**. Slik informasjon treng ikkje berre vere knytt til bruken og forvaltinga av sjølv parken; det kan sjå ut som forvaltinga har eit like stort

⁵⁰ Akkurat i Stabburdalen kan det vere vanskeleg å få redusert denne spreidde slitasjen, fordi der er mykje tamtein som vil "halde oppe" det eksisterande stinettet.

behov for meir generell "marknadsføring" av kva som er deira rolle og ansvar når det gjeld desse store utmarks- og verneområda. Sannsynlegvis er mange av brukarane usikre på om forvaltinga faktisk arbeider for deira interesser.

Den negative haldninga til at "**forvaltinga (eventuelt) arrangerer guida turar for turistar m.fl.**", kva er den uttrykk for? Den gjennomgåande skepsisen til å kople nasjonalparken og **turisme** er alt diskutert i kapittel 8.8. Men det faktum at dette eventuelle tiltaket og eventuell turisme blir møtt med like stor skepsis både av bygdefolk og utlendingar, krev ein ytterlegare kommentar. Om lag 2/3 av dei tilreisande, hadde opphaldet i Stabbursdalen som ein del av ein lengre ferietur. Dvs. at dei fleste av dei faktisk er 'turistar'. Det er truleg slik at majoriteten ser ein fare i at det kan bli for mykje folk i Stabbursdalen, og at dette vil verke negativt inn på deira eige turutbytte. Det var berre om lag ein femtedel som meinte at det godt kunne vere fleire brukarar i Stabbursdalen.

I ei undersøking som NIBR gjorde om "Friluftslivet i Finnmark" (Bysveen et al. 1987), såg ein på haldningane blant finnmarkingar til det å "sleppe andre til". Her var vinklinga særleg det å hauste av utmarksressursane i Finnmark. "... gjennomgående vil opp mot to tredjedeler av befolkningen forbeholde ressursen for fylkets innbyggere" (Bysveen 1988:15), og mange set også grensa ved innbyggjarane i kommunen. Men dette varierte både med kva slag ressurs det var snakk om og kven ein spurde. Ein var særleg restriktiv i høve til garnfiske i ferskvatn, snarefangst og elgjakt, og t.d. mindre restriktiv til laksefiske i elvane og også til molteplukking. Det var folk i innlandskommunane som var mest restriktive. Det ein kan diskutere er om denne skepsisen berre retta seg mot sjølve ressursen og haustinga av den. Bysveen (1988:16) kommenterer dette slik: "Selv om de kanskje ikke oppleves slik er de konfliktene vi har sett hittil i hovedsak av mer sosiologisk enn ressursmessig karakter". Med dette meiner han truleg også den opplevingsmessige sida.

11.3 Dei tre "preferansegruppene" - reelle eller fiktive?

Dei tre preferansegruppene, som her har fått namna 'villmarksgruppa', 'naturgruppa' og 'turgruppa', er på ein måte "fiktive". Dei er det fordi vi ikkje på ein enkel måte kan gå inn i Stabbursdalen, leite fram t.d. ein fiskar og slå fast om vedkomande hører til 'villmarksgruppa' eller 'turgruppa'.

Eller kanskje kan vi det?

Ein av konklusjonane i denne rapporten er at det er svært **få skilnader i åferd mellom dei tre gruppene**. Men vi må føye

til at det er få av dei åferds-tema som vi har **analysert og dokumentert her**, som skil gruppene. Men kan det t.d. tenkast at dei har ulike geografiske bruksmønster i Stabbursdalen? Analysen av den innsamla kartinformasjonen vil kunna gje ein peikepinn på dette.

Men gruppene er langt frå fiktive på andre plan. Dette er ikkje generelle eller hypotetiske brukar-typologiar (sjå t.d. Aubert 1969) som blir forsøkt passa "inn i" Stabbursdalen. Sjølv "utviklinga" av desse tre typane / gruppene er fullt og heilt basert på dette innsamla materialet i Stabbursdalen 1990, utfrå spørsmål som gjeld preferansar i høve til forvaltningsmessige, miljømessige og sosiale tilstandar.

Og det er nettopp på slike tema dei visar seg å vere konsistente. Dei tre gruppene er signifikant ulike i korleis dei opplever Stabbursdalen (miljøpersepasjon), kva dei meiner om forvaltinga som er i området i dag, og ikkje minst: i kva dei meiner om dei konkrete, men hypotetiske forvaltingstiltaka som her har blitt foreslått⁵¹.

Når det gjeld dei ulike oppfatningane av miljøet, sit ein att med følgjande spørsmål: Har desse tre gruppene reagert ulikt på det same miljøbiletet, eller har dei faktisk brukt Stabbursdalen så forskjellig at dei reagerer på miljøtilstandar som er "objektivt" ulike? Her vil på nytt kartmaterialet gje nyttig informasjon.

Ein måte å sjå på friluftsliv, er at det er noko ein driv med for å få gode opplevingar. Eitt middel for å få ei slik god oppleving, er den friluftslivs-aktiviteten ein vel i den bestemte situasjonen, t.d. det å fiske. Denne inndelinga i preferansegrupper gjev oss støtte i at det å fokusere berre på aktiviteten ikkje er tilstrekkeleg for å analysere og ikkje minste forstå bruken og brukarane i eit friluftslivsområde. Kanskje er det ikkje eingong det viktigaste kriteriet å gripe fatt i?

Ein viktig konklusjon her er at **innafor kvar aktivitetstype (døme: fiske eller fottur) er det folk med ulike haldningar og preferansar, når det gjeld kva som gjev ei god turoppleving - til og med innafor eit og same geografiske område, som t.d. Stabbursdalen.** Og dette er ikkje berre av interesse for forskinga, det har klar relevans for forvaltinga, dersom den ser det som si oppgåve å legge forholda til rette for at folk skal få gode opplevingar.

⁵¹ Dei variablane som dei tre gruppene har svara signifikant ulikt på, er sjølv sagt ikkje dei same variablane som var nytta for å "avdekkje" dei tre gruppene ved hjelp av faktor- og klyngeanalyser!

12 Kva med brukspotensialet? - Om fritidsbilistane og Stabbursdalen

Dette kapitlet gjev ikkje ei fullstendig drøfting av brukspotensialet i Stabbursdalen, men har berre den gjennomførte undersøkinga blant fritidsbilistane som utgangspunkt.

Den generelle friluftslivsinteressa, slik den er målt i denne undersøkinga, synest å vere nokolunde lik mellom dei fritidsbilistane som ikkje kjende til Stabbursdalen og dei som kjende til området. Dei som ikkje kjende til Stabbursdalen syntest likevel å vere mindre interesserte i å utøve friluftsliv **på den turen dei var på når dei vart intervjuet**: Det var færre som hadde planlagt å utøve friluftsliv i Finnmark / Nord-Noreg løpet av turen, og dei som tok ein tur til fots, tok i gjennomsnitt ein stuttare tur. Vidare uttrykte færre at høvet til fiske og turar til fots i naturen var viktig for at opphaldet nordpå skulle bli vellykka.

Dette er hovudtendensen når ein ser på dei som sa dei ikkje kjende til Stabbursdalen. Men det er klart at også ein del av desse var friluftslivsinteresserte, sidan 22 % hadde planlagt å ta ein tur til fots og 18 % å fiske i Finnmark / Nord-Noreg.

Det at folk ikkje har drive friluftsliv i Finnmark / Nord-Noreg kan ikkje tolkast som om dei ikkje er interesserte i naturen. Berre 3 prosent gav uttrykk for at det å oppleve nord-norsk natur hadde lita eller inga tyding for opphaldet i Finnmark. Tilsvarannde var det 7 prosent som meinte at det å oppleve villmark hadde lita / inga tyding. At det å oppleve naturen er viktig sjølv om ein ikkje brukar naturen aktivt, kom også fram i ei undersøking blant turistar i Lom kommune (Mykland 1989). Dei som svara at å sjå / oppleve naturen var viktig for å velje Lom som reisemål, var langt fleire enn som meinte at det å brukar naturen aktivt var "meget / ganske viktig".

Kor viktig var naturen i Nord-Noreg for at opphaldet i Finnmark / Nord-Noreg skulle vellykka? Blant fritidsbilistane **totalt** var det ingen signifikant skilnad mellom dei som hadde planlagt å utøve friluftsliv i Finnmark / Nord-Noreg og dei som ikkje skulle utøve friluftsliv. Dei som meinte at det var viktig å oppleve villmark, var likevel noko fleire blant dei som hadde planlagt å utøve friluftsliv, samanlikna med dei som ikkje hadde slike planar⁵².

⁵² $\chi^2=19.29$, D.F.=3, $p<0.05$

Det ser ut til å vere **eit potensial for større bruk av Stabbursdalen**. Den konklusjonen kan ein trekkje fordi over 40% var interesserte i å utøve friluftsliv i Finnmark / Nord-Noreg, og over 90 prosent meinte at det å oppleve nord-norsk natur / villmark hadde middels / stor tyding for å få ei veldig Finnmarksopphold. Dei fritidsbilistane som faktisk vitja Stabbursdalen, tok først og fremst korte dagsturar med ei gjennomsnittleg oppholdstid på tre timer. Vil dette også vere mønsteret ved eventuelt større pågang?

Dersom det er eit ønskje å trekke fleire brukarar til Stabbursdalen, er det eit spørsmål om kva informasjonskanal(ar) som er best. Ein kan i den samanheng stille spørsmål om kor effektivt det vil vere å informere om Stabbursdalen når folk har kome til Porsangerområdet. Kor vidt folk er interesserte i å bli i området og vitje Stabbursdalen, vil avhenge av kor fleksibel reiseruta er. Resultata fra bilistundersøkinga i Porsanger og likeins i andre område i Noreg, tyder på at fritidsbilistane planlegg reise sine heller nøyne.

I ei undersøking blant fritidsbilistar på hovudvegane rundt Jostedalsbreen, hadde 60% planlagt reiseruta nøyne før dei reiste heimanfrå, og 80% hadde bestemt seg for kvar dei skulle overnatte følgjande natt. Blant fritidsbilistane i Jostedalen hadde 60 prosent bestemt seg for å besøke Jostedalen før dei reiste heimanfrå, og 35 prosent bestemte seg undervegs (dvs. før dei kom til området). At informasjon er viktig før fritidsbilistane kjem til området, viser også det faktum at blant dei utanlandske fritidsbilistane, busette utanom Norden og som ikkje kjende til Jostedalsbreen før dei kom til området, var det "berre" 27% som tok av frå hovudvegane og brukte ein av sidevegane inn mot breen, samanlikna med 64% blant dei som kjende til breen før dei kom til området (Vorkinn 1992).

Også ein stor del (64%) av dei som ikkje kjende til Stabbursdalen, hadde planlagt reiseruta i Finnmark- / Nord-Noreg heilt eller delvis før dei reiste heimanfrå. Om lag to tredelar var på gjennomreise i Porsanger (dvs. at dei ikkje overnatta), og dei som overnatta, overnatta i gjennomsnitt berre 1,5 netter.

Av dei som la merke til Stabbursnes Naturhus og museum i denne gruppa var det få som stoppa (10%). Den viktigaste grunngjevinga for ikkje å stoppe blant dei som la merke til senteret, var at det ikkje var planlagt / at dei var på gjennomreise / at dei hadde dårleg tid. Nesten 60% av dei som ikkje stoppa ved Naturhuset i denne gruppa, svara dette, medan 15% ikkje var interesserte. Eit apropos til kor travelt enkelte har det, er dei 4% (av alle fritidsbilistane som la merke til senteret) som svara at dei såg senteret for seint. Dette til trass for at det er avkøyrslar rime-

leg raskt etter Naturhuset, slik at ein ikkje treng meir enn maksimum 5 minuttar for å snu og køyre tilbake.

Undersøkinga til Viken og Slettvold (1988) peikar òg i retning av at fritidsbilistane har eit heller stramt program for ferien. Dei aller fleste tilreisande fritidsbilistar til Finnmark (92%) hadde bestemt seg for å dra til Finnmark før dei reiste heimanfrå. Som svar på kvifor fritidsbilistane ikkje vitja bestemte stader i fylket, gjekk hovuddelen av svara (som var få), på at stadene låg utanfor den ruta dei hadde tenkt seg. Forfattarane konkluderer også med at Finnmarksferie ikkje er opphold, men reise.

Resultata både frå Finnmark, inkludert Porsanger, og frå rundt Jostedalsbreen tyder på at dersom ein ynskjer å trekke fleire brukarar til Stabbursdalen ved å informere, synest det å vere ein fordel å informere dei reisande før dei kjem til området, helst før dei reiser heimanfrå.

Utlendingane (bortsett frå svenskar / danskar som svara på det norske spørjskjemaet), vart spurta om dei hadde brukt **ulike informasjonskjelder**, inkludert eiga erfaring, før dei reiste til Noreg. Om lag tre fjerdedelar (76%) hadde brukt slike informasjonskjelder, inkludert 4 prosent som berre hadde brukt eiga erfaring. Det var ingen signifikant forskjell mellom dei ulike gruppene som hadde vitja Stabbursdalen tidlegare / vitja i løpet av turen dei vart intervjuet/hadde hørt om Stabbursdalen / ikkje kjende til Stabbursdalen i kor mange som hadde brukt informasjonskjelder.

Dei mest nytta informasjonskjeldene var reisehandbøker, familie / venner / kjende, eiga erfaring og reisebrosyrer (**tabell 12.1**).

Tabell 12.1 Kor mange finnar og utlendingar utanom Norden som har brukt ulike informasjonskjelder før dei reiste frå heime. - The numbers of Finns and persons living outside the Nordic countries who had utilized different sources of information before they left their place of residency.

| Informasjonskjelde | Kor stor del som brukte ulike informasjonskjelder | | | |
|----------------------------|---|--|----------------------|-------|
| | Før dei tok avgjerd om å dra til Noreg | Etter at dei tok avgjerd om å dra til Noreg | Både før og etter | I alt |
| TV / radio | 12% | 5% | 2% | 19% |
| Familie, venner, kjensfolk | 31% | 5% | 6% | 42% |
| Reisehandbøker/-guidar | 33% | 13% | 6% | 52% |
| NORTRAs feriekatalog | 5% | 2% | 1% | 8% |
| Andre reisebrosyrer | 18% | 8% | 1% | 27% |
| Besøk på NORTRAbyrå | 3% | 2% | * | 5% |
| Annonsar | 12% | 2% | 1% | 15% |
| Ferjeselskap ¹ | 10% | 9% | * | 19% |
| Reisebyrå | 14% | 7% | * | 21% |
| Eiga erfaring | 23% | 5% | 5% | 33% |
| Andre informasjonskjelder | 6% | 1% | - | 7% |

* mindre enn 0.5%, ¹ Dette spørsmålet vart ikkje stilt til finnane.

13 Litteratur

- Almås, R. 1990. Evaluering på norsk. Ei innføring i vurdering av prosjektarbeid og handlingsretta forskning. - Universitetsforlaget.
- Aubert, V. 1969. Det skjulte samfunn. - Universitetsforlaget.
- Bysveen, T., Strand, A. & Østensen, E. 1987. Friluftslivet i Finnmark - Resultater fra en intervjuundersøkelse. Norsk Institutt for By- og Regionforskning, NIBR-notat 1987:133.
- Bysveen, T. 1988. Hovedtrekk ved friluftslivet i Finnmark - Sammendrag fra 3 delstudier. Norsk Institutt for By- og Regionforskning, NIBR-notat 1988:109.
- Campbell, D. T. & Stanley J. C. 1966. Experimental and Quasi-experimental Designs for Research. - Rand McNally College Publishing Company.
- Frilufts- og naturvernkonsernten i Finnmark 1980. Nasjonalparkundersøkelsen i Finnmark 1979. Undersøkelse av trafikk og slitasje i nasjonalparkene i Stabbursdalen og Øvre Pasvik sommeren 1979. - Vadsø.
- 1980a. Nasjonalparkundersøkelsen - resultater Stabbursdalen 1980. - Notat, Vadsø.
- Fylkesmannen i Finnmark 1990. Forvaltningsplan for Stabbursdalen nasjonalpark. - Rapport nr. 36, Miljøvernavdelingen, Vadsø.
- Hultman, S. G. & Wallsten P. 1988. Besöksmönstret i Rogen - Långfjället, sommaren 1985. - Kommit-rapport nr. 3. Kommit, Universitetet i Trondheim.
- Kraus, A. & Allen L. 1987. Research and evaluation in recreation, park and leisure studies. - Publishing Horizons Columbus, Ohio.
- Lucas, R. C. 1975. Low compliance rates at unmanned trail registers. - USDA Forest Service, Research Note INT - 200, Intermountain Forest & Range Experiment Station.
- Mykland, E. 1989. Reiselivsnæring og turisttrafikk i Lom kommune. - Østlandsforskning: ØF-rapport 40:1989.
- Stankey, G. H. 1973. Visitor perception of wilderness recreation carrying capacity. - Research Paper INT - 142, USDA Forest Service, Intermountain Forests & Range Experiment Station, Ogden, Utah, USA.
- Viken, A. & Slettvold O. 1988. Bilturisme i Finnmark. - FDH-rapport 6. Finnmark Distrikthøgskole.
- Vistad, O. I. under utarb. Bruk og forvaltning av Femundsmarka, Rogen og Långfjället. Dr. grads-avhandling i geografi. UNIT / NINA.
- Vistad, O. I. i manus. Den guida turen - forvaltningstiltak med turist-appell? Ein samanliknande studie av tre turgrupper på Røros, med vekt på den guida turen gjennom Sølendet Naturreservat. - NINA Forskningsrapport.
- Vistad, O. I. 1989. Forvaltningsstrategier. Erfaringer fra Femundsmarka - Rogen - Långfjället. - I: Direktoratet for Naturforvaltning: Friluftsliv, fritid og natur, Rapport fra forskningsseminar på Lillehammer 18. - 19. februar 1988. - Rapport nr. 2 / 1989.
- Vorkinn, M. 1989. Friluftslivutøvelse og andre fritidsaktiviteter - en undersøkelse blant de voksne innbyggerne i Lillehammer kommune. - Friluftsliv, reiseliv og vassdrag-prosjektet.
- Vorkinn, M. 1992. Mulige effekter av å opprette Jostedalsbreen nasjonalpark for friluftslivet og reiselivet - Resultater fra førundersøkelsene. - NINA utredning.
- Wallsten, P. 1988. Rekreation i Rogen - tillämpning av en planeringsmetod för friluftsliv. - Kommit-rapport nr. 2. Kommit, Universitetet i Trondheim.

Vedlegg 1 Tabell med oversikt over tiltaka i forvaltningsplanen for Stabbursdalen, med tidsplan og kostnader (Fylkesmannen i Finnmark 1990).

| | Lokalisering og tiltak | 1990 | 1991 | 1992 | Kost-nader |
|--------------------------------------|--|------|------|------|------------|
| Madarjav'-ri-vegen | Parkeringsplass, informasjon | | * | | 7.000 |
| Lombolavegen | skilting | * | | | |
| | parkeringsplass | * | | | 5.000 |
| | søppelskur | * | | | 3.000 |
| Stenging av kjørespor til Sáffavarri | | * | | | 500 |
| Stier | Madarjav'-ri-Sennalandet, grein til bruområdet | * | | | |
| | Lombolaveg-Fossekulp, grein over St. Binalvarri-Njakkafossen-bru | | * | | |
| Fossekulpen | bålplasser | * | | | 1.000 |
| | utedo | * | | | |
| | opprydding og reparasjoner ved laksetrapp | * | | | 5.000 |
| | døgnbegrensning på antall fiskere | * | | | |
| Bru ved Njakkafossen | | * | | | 50.000 |
| Overnattings-tilbud | åpne Ivarstua | * | | | |
| | gamme | * | | | 30.000 |
| | flytte koie | | * | | 50.000 |
| Informasjon og grense-merking | grensemerking | * | | | |
| | oppslag ved enden av Lombolavegen og ved Snekkernes | * | * | | |
| | nasjonalparkbrosyre og informasjon på fiskekort | * | | | |
| Kontakt m/reinbeitedistrikte | | * | | | |
| SUM i kr: | | | | | 151.500 |

Vedlegg 2 Metoden for å dele inn brukarane i "preferansegrupper"

Faktoranalysen av dei 16 bakgrunnsvariablene om 'generelle preferanser for områdetype /-situasjon', avdekte fire dimensjonar / faktorar. Desse forklarte 53,3 % av variansen i materialet. Oblimin. og varimax **rotasjon** gav same fordelinga av variablene på dei fire faktorane. Ved å teste samhaldet innan kvar enkelt faktor (**Cronbachs Alfa**) gav dei tre første faktorane ein høg alfa-verdi: Faktor 1 (8 variablar) gav alfa=0,823, faktor 2 (3 variablar) gav alfa=0,604 og faktor 3 (2 variablar) gav alfa=0,708. Den fjerde faktoren (3 variablar) gav ein låg alfa-verdi (0,165); vi prøvde difor også ei køyring med berre 3 faktorar, men dette gav lågare alfa-verdier for alle tre faktorane, enn dei tre første faktorane hadde i den fire-delte faktorinndelinga. Alternativt kunne vi ha kutta ut dei tre **variablene** som gav høg skåre på faktor 4, men desse hadde ei viss særinteresse i Stabbursdalen (sjå omtala nedanfor av faktor fire). Vi held difor "foreløpig" fast på alle fire faktorane.

Kva skjuler så desse fire faktorane:

Den **første** faktoren gav høg skåreverdi på alle dei variablene som omhandla ulike forvaltnings- og tilretteleggingstiltak (utlagt ved, tilrettelagde leirplassar, utplasserte søppeltønner, merkte stiar, kunnige folk i terrenget, opne overnatningshytter, stokklagde stiar og oppsynsmenn i området). Denne faktoren kan ein kalle 'tilrettelegging og tryggleik'.

Den **andre** faktoren omhandla sider ved miljøtilstanden (nærvere av motorlyd, synleg søppel i terrenget, det å sjå hus og vegar undervegs). Denne kan kallast '**miljøpåverknad**'.

Faktor nummer **tre** skåra høgt på to variablar: verdien av å 'lage bål der ein vil' og å 'slå opp telt der ein vil'. Denne faktoren er vanskelegare å tolke. Det kan vere ein enkel leirslagningsdimensjon; han er t.d. motsett korrelert til faktor 1. Men det kan også vere ein meir kompleks sosial dimensjon, i den forstand at folk vil ha fridom til å velje leir- og bålpass for å sleppe å trenge seg på andre eller for å få vere i fred på raste- eller overnatningsplassen. Denne tolkinga byggjer på erfaringar frå Femundsmarka Nasjonalpark der dei same to variablene hadde eit parallelt mønster som variabelen "viktig å telte utanfor syns- og høyrsevidde frå andre folk" (Vistad under utarb.). Vi vel difor å leggje vekt på "den frie viljen" og kallar denne for ein '**fridoms-faktor**'.

Som nemnt var det heller svakt samhald mellom dei tre variablene med høg skåre på faktor **fire** - det kan ein også lese ut av figur

5.1. Det kan derimot **tolkast** inn eit logisk samhald mellom desse tre, som kan vere interessant å følgje opp i Stabbursdalen. Dei tre variablene er: å vere aleine på tur, å berre sjå få andre, å vere i område ein er kjent frå før. Denne dimensjonen har vi kalla '**Mitt område**'.

Kwart case har ein **skåreverdi** for kvar faktor. Dette er ein relativ verdi der gjennomsnittet av skåreverdiane for alle case for same faktor, er lik null og standardawiket er lik ein.

Klyngje-analyse

Desse fire "avslørte" dimensjonane eller faktorane kan nyttast til å lage "nye" brukarkategoriar i Stabbursdalen. På grunnlag av skåreverdiane på dei fire faktorane kan ein klyngje-analyse samle eller trekke ut dei brukarane som har relativt like faktorskårar for kvar av dei fire faktorane.

I data-prosedyren "Quick cluster" i SPSS/PC+, bør ein gje eit forhåndstips (initialverdiar) om korleis brukarane kan fordelast i slike grupper. For å få fram ei sett med initialverdiar nyttar vi ein forenkla metode for brukarinndeling, i såkalla **Puristar, Nøytralistar og Urbanistar (PNU)**, som tidlegare er nyttar av Wallsten (1988) og Vistad (under utarb.). Men vi måtte først teste om ei PNU-inndeling på Stabbursdalsmaterialet ville gje ei meiningsfull kategorisering av brukarane i høve til dei fire nemnde faktorane, før vi eventuelt kunne nyttar dei som initialverdiar i ein Quick cluster.

Bakgrunnen for denne PNU-inndelinga er at svaralternativa på bakgrunnsspørsmåla (her: 16 spørsmål⁵³ med ein fem-delt svar-skala frå "mye mindre utbytte" til "mye større utbytte") følger ein skala med ein "puristisk ende" og ein "urbanistisk ende". Ved å gje den puristiske enden den høgaste skåre-verdien (5) på alle spørsmåla, kan ein summere for alle 16 spørsmåla og få ein samla **purisme-skåre** med teoretisk maksimalverdi ($5 \times 16 =$) 80 poeng og tilsvarande minimum på ($1 \times 16 =$) 16 poeng. Dei tre gruppene (P, N og U) vert så definert ved å ta utgangspunkt i den gjennomsnittlege skåre-verdien for heile utvalet. **Nøytralistane** vert så definert som dei som har ein skåreverdi mellom gjennomsnittsskåren minus eitt standardawik (nedre grense) og gjennomsnittsskåren pluss eitt standardawik (øvre grense). **Puristane** blir då dei som har skåreverdi over denne øvre grensa, og **Urbanistane** dei som har skåreverdi under den nedre grensa.

PNU-inndelinga på Stabbursdalsmaterialet ser slik ut:
Gjennomsnittsverdien vart 54 og standardawiket 6,8. Nøytralist-

⁵³ Dvs. dei same 16 spørsmåla som var grunnlag for faktor-analysa.

ane blir då definert som dei med skåreverdi mellom 48 og 61 (N=390), puristane har ein skåreverdi lik eller større enn 62 (N=82) og Urbanistane lik eller mindre enn 47 (N=69)⁵⁴.


Ein einvegs variansanalyse syner signifikante skilnader mellom P, N og U for skåreverdiane på alle dei fire faktorene. Det reknar vi som eit godt utgangspunkt for å bruke middelverdien for kvar faktorskåre for kvar PNU-gruppe, som initialverdi ved ein Quick cluster-analyse for inndeling i tre grupper. Koplinga mellom PNU-gruppene og dei fire haldningsdimensjonane (faktorskårene) er illustrert i **vedleggsfigur 2.1**.

På grunn av det därlege samhaldet i faktor 4, vart denne kutta ut i klyngje-analysen. Dvs. at berre faktorane 1 - 3 vart tekne med i Quick cluster-analysen for å dele inn materialet i preferansegrupper. Resultatet vart tre jamstore grupper: Gruppe 1 (med utgangspunkt i urbanist-gruppa) har 172 case, gruppe 2 (med utgangspunkt i nøytralist-gruppa) har 183 case og gruppe 3 (med utgangspunkt i purist-gruppa) har 186 case. Dei tre gruppene er signifikant ulike når det gjeld skåreverdiane for dei tre grunnleggjande haldningsfaktorene. **Vedleggstabell 2.1** syner noko av "slektskapen" mellom PNU-gruppene og dei tre gruppene frå klyngje-analysen. **Vedleggsfigur 2.2** syner likevel

at dei tre nye gruppene skil seg ein god del frå dei opphavlege PNU-gruppene (sjå **vedleggsfigur 2.1**) i den gjennomsnittlege fordelinga av faktorskårene.


Vedleggstabell 2.1 Koplinga mellom Purist, Nøytralist og Urbanist (PNU-) inndelinga, og den nye klyngjeinndelinga (absolute verdiar). - Relationships between the Purist, Neutralist and Urbanist (PNU) classification and the new preference groups (absolute values).

| | Gruppe 1 | Gruppe 2 | Gruppe 3 | N (i PNU) |
|----------------|-------------|-------------|-------------|--------------|
| Urbanistar | 59 | 10 | 0 | 69 |
| Nøytralistar | 113 | 158 | 119 | 390 |
| Puristar | 0 | 15 | 67 | 82 |
| N (i klyngene) | 172 | 183 | 186 | 541 |



Vedleggsfigur 2.1
Korleis PNU-gruppene plasserer seg i høve til kvarandre på skåreskalaen til kvar av dei fire faktorene / dimensjonane. - The relative location of each of the PNU-groups on the four scales of factor scores.

⁵⁴ To av problema med denne inndelinga er: 1) Nøytralistgruppa blir svært stor og dei to andre små. 2) Den store nøytralist-gruppa skjuler svært mykje informasjon. Nøytralisten treng ikkje å vere "nøytral" i alle sine haldningar; det er berre skåresummen som plasserer vedkomande i denne kategorien og derfor kan han / ho vere vekselvis purist / urbanist på fleire (alle!) delspørsmål. Dette vil imidlertid faktor- / klyngeanalyser avsløre.

**Vedleggsfigur 2.2**

Korleis preferansegruppene plasserer seg i høve til kvarandre på skåreskalen til kvar av dei tre (fire) faktorane / dimensjonane. - The relative location of each of the preference groups on the three (four) scales of factor scores.

Vedlegg 3 Vurdering av metoden med sjølvregistreringskasser og suppling av utvalet med fiskarar

Det er (tilsynelatande) eit avvik mellom resultata frå det utsende spøreskjemaet og tilsvارande frå dei utfylte kassekort. Sjå på vedleggstabellane 3.1 og 3.2 i høve til tabellane 6.1 og 6.2, som syner totalfordelinga i heile skjemamaterialet og i heile registreringskortmaterialet.

Vedleggstabell 3.1

Fordelinga av personar og turtal på ulike aktivitetar.
(Etter utsendt spøreskjema til dei som har fylt ut registreringskort) ($N = 425$). - Distribution of persons and the number of trips among different activities. (After mail-out of questionnaire to those who completed self-registration cards, $N=425$).

| | Talet turar | Talet personar |
|--------------------------|-------------|----------------|
| Eindags fottur (-ar) | 263 | 136 |
| Fleirdagars fottur (-ar) | 184 | 66 |
| Laksefiske | 480 | 118 |
| Innlandsfiske | 80 | 55 |
| Bærplukking | 184 | 88 |
| Jakt | 22 | 13 |
| Andre | 125 | 38 |

Vedleggstabell 3.2

Fordelinga av personar og turtal på ulike aktivitetar.
(Etter utsendt spøreskjema til dei som har fylt ut fiskekort) ($N = 227$). - Distribution of persons and the number of trips among different activities. (After mail-out of questionnaire to those who bought fishing licences, $N=227$).

| | Talet turar | Talet personar |
|--------------------------|-------------|----------------|
| Eindags fottur (-ar) | 45 | 15 |
| Fleirdagars fottur (-ar) | 47 | 15 |
| Laksefiske | 615 | 165 |
| Innlandsfiske | 69 | 18 |
| Bærplukking | 69 | 19 |
| Jakt | 19 | 7 |
| Andre | 16 | 6 |

Mykje av forklaringa på skilnadene i resultata er som følgjer:
 1) spøreskjemaet vart også sendt til personar som hadde kjøpt fiskekort, men som ikkje var registrerte i sjølvregistreringskasse-ne. Desse utgjer 34 % av heile materialet.

2) på registreringskortet vart det spurt om aktiviteten på den turen vedkomande var på den dagen kortet vart utfylt, med høve til å nemne fleire aktivitetar. I skjemaet spurte vi om alle gjennomførte turar i løpet av barmarkstida 1990, og slik at kvar tur berre skulle førast som ein aktivitet. T.d. kunne ein dagstur med fiskestong, både bli kryssa av som 'dagstur til fots' og 'fiske' på registreringskortet; på skjemaet derimot måtte ein velje om ein ville kalle det ein tur med 'laksefiske' eller 'innlandsfiske' eller 'eindags fottur'. Og det ser ut til at det er nettopp ei slik presisering som har slått litt einsidig ut: den relative delen av fotturar er mindre utifrå skjemamaterialet enn utifrå kortmaterialet. Delen fisketurar er i same storleksorden både i kortmaterialet og i den delen av skjemamaterialet som har bakgrunn i kortregistreringa (dvs. den delen av skjemaregistreringa som ikkje kjem frå "fiskekort-populasjonen").

Kva så med den relativt store delen fiskarar i materialet? Vi visste sjølvsgatt (før prosjektstart) at fiskarane var ei viktig brukargruppe. Bruksmønstret til fiskarane i Stabburdsalen, samt eigne erfaringar frå Femundsmarka Nasjonalpark (Vistad under utarb.) tilsa at registreringskasser ikkje var tilstrekkeleg for å "fange" fiskarane. Då elva er ein langt viktigare kanaliseringssfaktor for fiskarane, enn stien (der kassene var plasserte), var det grunn til å tru at denne aktivitetsgruppa lettast ville bli underrepresentert. Difor avtalte vi med Stabburdsalen Grunneierforening at kortseljaren skulle be om både namn og adresse på dei som kjøpte fiskekort, og at vi kunne bruke dette som grunnlag for å sende ut spøreskjema.

Sesongen 1990 vart det selt 2044 døgnkort for Staburselva og 171 døgnkort for Fossekulpen spesielt. Dessutan vart det selt 68 sesongkort.

219 personar har svart på spøreskjemaet, på bakgrunn av fiskekortregistreringa. Av desse hadde 27 sesongkort. Resultat syner at dei med sesongkort i gjennomsnitt har gjennomført 9,1 fisketurar (laks) i løpet av sesongen. I heile materialet vårt er det 277 personar som seier dei har fiska etter laks og i alt har desse gjennomført 1048 fisketurar. Om vi trekkjer frå dei med sesongkort ($27 \times 9,1 = 246$ fisketurar), blir det att 802 fisketurar fordelt på 250 fiskarar. Det gjev eit gjennomsnitt på 3,2 fisketurar pr. fiskar med døgnkort. Om vi reknar at dette talet er gyldig for heile populasjonen fiskarar denne sesongen, så skal dei 2044 fiskekorta altså representere 692 fiskarar ($2044 / 3,2 = 692$). Av desse har vi altså 250, dvs. om lag 36 % av alle som har løyst

fiskekort denne sesongen. Prosentalet blir det same ved å inkludere dei som har sesongkort.

Spørsmålet blir så om dette er ein uforholdsmessig stor del av materialet. Som sagt innleiingsvis er det ikkje rett å bruke desse resultata kvantitativt. Dei ferdelsmålingane som vart gjort må berre sjåast som relative tal i høve til seinare ferdelsmålingar. Difor er det også svært vanskeleg å vurdere kor stor del av dei andre aktivitetsgruppene vi har nådd fram til i denne registreringa. Det er likevel sannsynleg at talet på fotturar, særleg dags-turar, er underrepresentert i utvalet. Dette har samanheng med at store delar av området er lett tilgjengeleg med bil (kort avstand frå parkeringsplass til registreringskassene). Ein kan også trekke ein slik slutning ved å samanstille det talet utfylte kort i registreringskassa ved Lombola i høve til personeljaren og bitteljaren i det same området. Og dessutan ved å sjå på resultata frå intervju med fritidsbilistane og deira bruksformer av Stabburdsalen. Erfaring frå andre studiar tyder også på at nettopp korte dagsbesøk utgjer største delen av trafikken, ut i frå slike parkeringsplassar og at denne gruppa har spesielt låg motivasjon for å fylle ut kort (Hultman & Wallsten 1988). Årsaka kan ligge i at dei reknar seg som "mindreverdige" i høve til det dei oppfattar / tolkar som formålet med sjølve spørjeundersøkinga. Dessutan gjennomfører mange av dei fleire turar (gjeld som resultata syner, også alle andre aktivitetskategoriar), og motivasjonen for å fylle ut kort for kvar tur kan vere låg.

036

nina
utredning

ISSN 0802-3107
ISBN 82-426-0279-4